



Kvam herad

PLANOMTALE



Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl.

HAUKELI, ØYSTESE

Kvam herad

Forslagstillar: GBS Entreprenør AS
Hardangerfjordvegen 601, 5610 Øystese
Kvam herad – PlanID: 123820120006
Kvam herad – Arkivsaknr: 12/964

PLANFRAMLEGG

05.12.13

Framlegg til regulering inkl. konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse er utarbeidd av Geoplan AS. Prosjektnummer 2306.



INNHALDSLISLE

1	FORMÅL.....	3
1.1	FORMÅL MED REGULERINGA.....	3
1.2	PLANOMRÅDET	3
2	PLANSTATUS	4
2.1	KOMMUNEPLAN FOR KVAM HERAD, VEDTEKEN 13.06.06.....	4
2.2	GJELDANDE REGULERING	4
2.3	TILGRENSANDE REGULERINGSPLANAR	4
2.4	ANDRE OVERORDNA FØRINGAR	4
3	OPPSTART OG PROSESS.....	6
3.1	OPPSTARTSMØTE, JF. PBL. § 12-8.....	6
3.2	PLANPROGRAM OG KONSEKVENSGREIING	6
3.3	VARSLING OPPSTART REGULERING, JF. PBL. § 12-8.....	6
3.4	MØTER OG KOMMUNIKASJON MED PARTANE I SAKA	7
3.5	ETTER KUNNGJERING KOM DET INN FØLGJANDE INNSPEL FRÅ DEI FASTE HØYRINGSINSTANSANE	8
3.6	ETTER KUNNGJERING KOM DET INN FØLGJANDE INNSPEL FRÅ PARTANE.....	9
4	PLANSKILDRING - OMTALE	14
4.1	KONSEPT/GREP	14
4.2	AREALOVERSIKT	19
4.3	TEMA FOR UTGREIING I PLANARBEIDET	20
5	RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE (ROS).....	35
5.1	I NOVERANDE SITUASJON I PLANOMRÅDE ER DET FARE MED OMSYN TIL:	36
5.2	ETTER UTBYGGING I PLANOMRÅDE ER DET FARE MED OMSYN TIL:	38
5.3	FORKLARING TIL RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE:.....	40
6	KONSEKVENSGREIING (KU).....	41
6.1	LANDSKAP/ESTETIKK	42
6.2	NATUROMRÅDE/BIOLOGISK MANGFALD	44
6.3	FRILUFTSINTERESSER	45
6.4	OMDISPONERING AV LNF	46
6.5	STØY.....	47
6.6	FORUREINING.....	50
6.7	TRAFIKK	49
6.8	VERKNADER FOR MILJØ OG SAMFUNN.....	52
5.7	OPPSUMERING AV KONSEKVENSGREIING.....	53

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

VEDLEGG:

1. Plankart, M 1:1000
2. Føresegner
3. Bergrunnsgeologisk kartlegging av forekomsten, steinbrudd Haukeli, Øystese – COWI september 2013
4. Kulturhistoriske registreringar, Hordaland fylkeskommune, rapport 28, 2013
5. Konsekvensutgreiing for tema natur og biomangfald - NNI rapport 345, juni 2013
6. Vurdering av potensialet for avrenning og forureining til vannmiljøet - NNI rapport 346, juni 2013
7. Konsekvensar for landbruk, Norsk landbruksrådgiving Hordaland
8. Støy for steinuttak Øystese, RIAKU01, Sweco AS
9. KU - trafikk, Geoplan AS, rapport 2013-01
10. KU - friluftsliv, Geoplan AS, rapport 2013-02
11. KU - landskap/estetikk, Geoplan AS, rapport 2013-03
12. Planprogram som stadfesta
13. Innspel til oppstart og planprogram
14. Kunngjering av oppstart av planarbeid m/planprogram
15. Referat frå oppstartsmøte med Kvam herad

1 FORMÅL

1.1 Formål

Det har vore teke ut stein i Haukeli i over hundre år, og GBS har drive uttaket sidan 2010. Natursteinen har vorte brukt til muring på m.a. Strandvegen i Norheimsund og i Øysteseparken, og vert ofte nytta som byggjemateriale i andre lokale prosjekt. I tillegg til steinuttak er det eit sprengstofflager og ei gardssag på området, som begge er tenkt vidareførte.

Innafor planområdet opptre bergartane klorittskifer, metarhyolitt/kvartskifer og glimmerskifer. Metarhyolitt/kvartskifer er godt eigna til bruk som murstein. Eit grovt anslag gjev eit nyttande volum på mellom 500 000 og 600 000 m³ murstein. Dei andre bergartane har avgrensa bruksområde som-murstein.

Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for ei utviding av dagens natursteinuttak. GBS ønskjer å utvide

det eksisterande området for masseuttak i Haukeli for å sikre drift og fleire lokale arbeidsplassar i fleire tiår framover. Dei siste åra har uttaket av stein vore på om lag 2000 m³, men ein ønskjer å auke til 4-6000 m³ årleg. Dette gjev ein horisont på 100 år innafor omsøkt område.

GBS har avtale med grunneigarane fram til 2020 med opsjon på utviding. Kvam herad manglar areal for deponi av reine jordmassar. Det kan vere av samfunnsnyttig interesse å etablere deponi for desse massane. Massedeponiet kan vere både lausmassar frå steinuttaket som kan fyllast tilbake etter at drifta er avslutta, tilkøyrde massar som t.d. matjord og reine massar, mellomlagring av massar, lagring av ferdig stein til uttransport og vrakstein.

GBS har driftsplan godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning ut 2014, men eit vilkår for fornying, er at arealbruken er avklart etter plan- og bygningslova. Med bakgrunn i dette ønskjer GBS ein reguleringsplan for området.

1.2 Planområde

Det finst ingen reguleringsplan for området i dag. I gjeldande kommuneplan er området avsett til masseuttak om lag 7,7 daa, medan området rundt er landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF).

Planområdet er på ca. 128,5 daa og ligg på deler av gnr. 51, bnr. 3 og 5, og omfattar også kryss mot Fylkesveg 131 på gnr. 49, bnr. 1. Avgrensinga følgjer hovudsakleg eigedomsgrenser i vest, sør og aust, medan ho går 30-50 m frå tilkomstvegen i nord. Aktiviteten i planområdet vert som i dag, med veg, sprengstofflager, sagbruk og skogsområde.




Fig. 01 Geologisk kart av området som viser fordelinga av dei ulike bergartane.




Fig. 02 Planområdet

2 PLANSTATUS

2.1 Kommuneplan for Kvam herad, vedteken 13.06.06

I gjeldande kommuneplan er området regulert til

- Masseuttak (noverande)
- LNF-område (noverande)

2.2 Gjeldande regulering

Området er ikkje regulert.

2.3 Tilgrensande reguleringsplanar

Ingen reguleringsplanar i nærleiken.

2.4 Andre overordna føringar

2.4.1 Regionale føringar

- MVA-rapport 5/2002, Viltet i Kvam, Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane, Kvam herad og Fylkesmannen i Hordaland, 2002.
- Rapport om Kartlegging og verdisetting av Naturtypar i Kvam, Kvam herad og Fylkesmannen i Hordaland 2009, MVA-rapport 2/2009.
- Dokumentasjonsprosjektet, UIO, Arkeologi - Bergen Museum, Per Fetts serie "Førhistoriske minne på Vestlandet", www.dokpro.uio.no/Arkeologi.html.
- Riksantikvaren si nettside for registreringar av kulturminne og fornminner: <https://askeladden.ra.no/>
- Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland. Utgjeven av Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, www.hordaland.no
- Trafikksikringsplan for Kvam herad, 2012 – 2015
- Rapport 07 - 2011 om «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke» laga av Aurland Naturverkstad for Hordaland fylkeskommune.
- "Barnetråkk". Rapport for dei områda som barnehagane nyttar og deira kvalitetar.- Eit forarbeid til kommuneplanen sin arealdel. Kvam herad 2002.

2.4.2 Regionale planar

Lenke til regionale planar: www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Regional-planlegging/Vedtekne-planar/

- Fylkesplan for Hordaland (2005-2008)
- Klimaplan for Hordaland
- Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

2.4.3 Rikspolitiske retningslinjer

- Temaretteljar: Uttak av mineralske forekomster og planlegging etter plan- og bygningsloven
- Rettleiar til minerallova, Nærings- og handelsdepartementet (2011)
- Rettleiar: Reguleringsplan (Utarbeiding av reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven)
- Estetikk i plan og byggesaker T-1179, www.regjeringen.no

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

- Landskap i kommunal planlegging, www.landskapiplan.no
- Landskapskonvensjonen på www.regjeringen.no
- Strategi for arbeid med landskap, 2005, Direktoratet for Naturforvaltning og riksantikvaren, www.dirnat.no
- Barn og planlegging T-2/08
- Riks- og fylkesvegar T-1057
- Radon: Oversiktgransking gjort i Kvam herad av Statens strålevern.
- Normaler, Håndbok 017, Veg- og gateutforming, Statens vegvesen

2.4.4 Konsekvensutgreiing

Utvidinga av masseuttaket er ikkje i tråd med LNF-formålet i kommuneplanen, og Kvam herad har vedteke at det skal gjerast ei konsekvensutgreiing (KU), jf. Pbl. § 4-2 og vedtak i NPB 129/12. Tiltaket er vurdert etter forskrift om konsekvensutgreiing § 4 og ein meiner utvidinga får vesentlege verknader for miljø og samfunn. KU skal utarbeidast etter kriteria i § 4 i forskrift om konsekvensutgreiingar. Det er punkt a), b), c), f) og g) som er aktuelle for KU.

2.4.5 Byggesak eller relevante saker

Ingen direkte tilknytte saker.

Me har nytta kompetanse me har opparbeidd i samband med regulering av masseuttak på Skålheim/Tolomarka og utviding av reguleringsplan på Kvernurdi/Solesnes.

2.4.6 Rapportar og dokumentasjon

- Kulturhistoriske registreringar, Hordaland fylkeskommune, rapport 28, 2013
- Konsekvensutgreiing for tema natur og biomangfald - NNI rapport 345, juni 2013
- Vurdering av potensialet for avrenning og forureining til vannmiljøet - NNI rapport 346, juni 2013
- Konsekvensar for landbruk, Norsk landbruksrådgiving Hordaland
- Støy for steinuttak Øystese, RIAKU01, Sweco AS
- KU - trafikk, Geoplan AS, rapport 2013-01
- KU - friluftsliv, Geoplan AS, rapport 2013-02
- KU - landskap/estetikk, Geoplan AS, rapport 2013-03

3 OPPSTART OG PROSESS

3.1 Oppstartsmøte, jf. pbl. § 12-8

Det vart halde oppstartsmøte med Kvam herad 28.09.12 der heradet gjorde greie for sine krav til plan og planarbeid. For Kvam herad stilte Trond Inge Brakestad og Bjørn Vik, for GBS Entreprenør AS Bjørn Øyri og for Geoplan AS Solveig Valland og Øystein Aadland. Planavdelinga konkluderte med at det var usikkert om ein kunne tilrå oppstart, fordi arbeidet er i strid med kommuneplanen, då utvidinga av masseuttaket går inn i LNF-område. Dei bad om at saka skulle leggjast fram for NPB-utvalet for premissavklaring før oppstart. I forkant skulle det leverast søknad med skildring av tiltaket og vurdering av plikt til konsekvensutgreiing (KU) i lys av § 4 i KU-forskrifta.

Den 25.10.12 sende Geoplan ein slik søknad om oppstart av reguleringsplan.

3.2 Planprogram og konsekvensutgreiing

I møte 28.11.12 vedtok NPB-utvalet å gje løyve til oppstart av reguleringsplan med konsekvensutgreiing, jf. NPB-vedtak 129/12. Kravet om konsekvensutgreiing vart grunngjeve etter vurdering av KU-forskrifta § 4, då utvidinga av masseuttaket vart vurdert til å få vesentlege verknader for miljø og samfunn. I vedtaket står det og at planoppstart med planprogram skal kunngjerast og underrettast i tråd med plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-9.

3.3 Varsling oppstart regulering, jf. pbl. § 12-8

Oppstart er kunngjort i Hordaland folkeblad 01.03.13. Lysinga har lege på nettsidene til Kvam herad og Geoplan frå same dato. Partar og overordna høyringsinstansar vart varsla i brev sendt 27.02.13. Frist for innspel var sett til den 15.04.13.

3.3.1 Varsla høyringsinstansar

Offentlege organ:

- Hordaland Fylkeskommune ^v/Regionalutviklingsavd., Planseksjonen, pb 7900, 5020 Bergen (hfk@post.hfk.no)
- Fylkesmannen i Hordaland ^v/Kommunal- og samfunnsplanavdelinga, pb 7310, 5020 Bergen (postmottak@fmho.no)
- Statens vegvesen Voss og Hardanger distrikt, Askedalen 4, 6863 Leikanger (firmapost-vest@vegvesen.no)
- Norges vassdrags- og energidirektorat avd. vest, Naustdalsvg. 1 B, 6801 Førde (rv@nve.no)
- Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund (postmottak@kvam.kommune.no)
- Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7040 Trondheim (mail@dirmin.no)

Andre organisasjonar:

- Naturvernforbundet i Kvam v/leiar Oddvar Soldal, Kyrhagen 32, 5610 Øystese (naturvernforbundet@lag.kvam.no)
- Øystese grendautval v/Arild Berge, Torpevegen 104, 5610 Øystese
- Soldal og Porsmyr grendautval v/leiar Klaus Rasmussen, Porsmyrvegen 134, 5610 Øystese

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

3.3.2 Varsla eigar- og naboliste

Desse grunneigedomane vart varsla:

Gnr	Bnr	Egedomen si adresse	Gnr	Bnr	Egedomen si adresse
44	1	Fitjadalsvegen 40, 5610 ØYSTESE	49	1	Hellestveitvegen 110, 5610 ØYSTESE
44	8	Rokabrekka 31, 5610 ØYSTESE	50	1	Hellestveitvegen 14, 5610 ØYSTESE
44	10	Skårdalsvegen 28, 5610 ØYSTESE	50	5	Torpevegen 95, 5610 ØYSTESE
44	183		51	3	Kleivavegen 40, 5610 ØYSTESE
44	652		51	4	Hardangerfjordvegen 804, 5610 ØYSTESE
44	713		51	5	Hardangerfjordvegen 800, 5610 ØYSTESE
48	4	Porsmyrvegen 115, 5610 ØYSTESE	51	15	Kleivavegen 28, 5610 ØYSTESE
48	6	Porsmyrvegen 143, 5610 ØYSTESE	60	1	Froastadvegen 71, 5610 ØYSTESE

Planprogram vart stadfesta i Nærings-, plan og bygningsutvalet 18.06 2013:

NPB-050/13 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningsloven § 4-1 godkjenner Kvam nærings-, plan- og bygningsutval revidert planprogram (23.05.2013) for reguleringsplan på del av gnr.51, bnr. 1 og 3 med fleire på Haukeli. Følgjande tillegg må inn i planprogrammet:

1. 6.1 g) – Trafikk må vere eit eige utgreiingstema. Det må gjerast særskilde vurderingar om skuleveg, mjuke trafikantar, farlege parti og forslag til utbetringar. Totalbelastninga på vegen må vurderast.
2. 4.3 medverknad – Siste setning må fjernast: «I vidare prosess er det lagt opp til at Kvam herad skal delta i eit informasjonsmøte ved utlegging av planframlegg til offentleg ettersyn.»
3. Ein kartlegging av totalressursen i reguleringsområdet.
4. I Pkt. 6.1 a) må også støy tas med. Det må og visast korleis tilbakeføring skal skje.

Planprogrammet vart retta opp jf. vedtak over

3.4 Møter og kommunikasjon med partane i saka

Etter å ha fått spørsmål om drifta frå bebuarar i området, distribuerte GBS 21. februar 2013 eit informasjonsskriv til husstandane på Soldal og Skåre.

Det vart halde eit informasjonsmøte i Skogheim grendehus (Soldal) 20. mars 2013. I tillegg til GBS og Geoplan stilte ein representant for kommunen for å informere og svare på spørsmål om planarbeidet. Om lag 25 personar var til stades.

3.5 Etter kunngjering kom det inn følgjande innspel frå dei faste høyringsinstansane

Innspel	Hovudpunkt i innspel	Vurdering/kommentar
Statens vegvesen 05.03.13	Tilkomsten til området frå Fv. 131 må vera i samsvar med krav i gjeldande vegnormalar.	Radiusar og siktsoner er i samsvar med gjeldande krav.
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) 05.04.13 09.04.13 (E-post)	Planområdet er potensielt skredutsett. Bygningane ved steinuttaket ligg innanfor aktsemdsområdet. Det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren. Til arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse og det må definerast faresonegrenser. Ev. fareområde må visast som omsynssone og ha føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det ikkje skal oppførast byggverk som må ta omsyn til TEK10 § 7-3 innanfor aktsemdområda kan ein sløyfe faresonekartlegginga. Må då bruke aktsemdområdet i skrednett.no til å avgrense omsynssona i plankartet.	I steinbrotet må ein til ei kvar tid sikre mot skred/ras. Uttak av massar føreset driftsplan godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning (bergvesenet). Tryggleik i drift vert ivareteke i denne (HMS). Verktøyet «omsynsone» vert difor ikkje nytta. TEK 10 § 7-3. Sikkerhet mot skred gjeld byggverk der konsekvensene av ei skredhending vil vera særlig stor og gi uakseptable konsekvenser for samfunnet. I området står eit ammunisjonslager og ei sag. Saga ei gardssag som vert nytta nokre dagar i året. Bygga som står i området er å sjå på som bygg i sikkerheitsklasse S1. <i>«Sikkerhetsklasse S1 omfatter tiltak der et skred vil ha liten konsekvens. Dette kan eksempelvis være byggverk der det normalt ikke oppholder seg personer og der det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvenser. Eksempler på byggverk som kan inngå i denne sikkerhetsklassen er mindre garasjer, båtnaust, boder, lagerskur med lite personopphold og mindre brygger for sport og fritid.»</i>
Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga 12.04.13	Vurderer planområdet til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det må difor påreknast ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. Kulturminnelova § 9. Formålstenleg å få området registrert før planen er ferdig utforma. Tiltakshavar må bere kostnadene med undersøkinga. Planlegg å gjennomføre registreringa i veke 35-37 og ber om godkjenning av vedlagd kostnadsoverslag. Minner om at dei har lovfesta tidsfrist på inntil 3 + 1 mnd etter at	I samband med oppstart av reguleringsplan for Laupsa gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl. på Haukeli i Øystese i Kvam herad blei det gjennomført arkeologiske registreringar 2. mai og 19. juni 2013. I løpet av undersøkinga vart det overflateregistrert i området. Ingen automatisk freda kulturminne kunne påvisast innafor planområdet. Jf. Rapport 28, 2013 - Kulturhistoriske registreringar, reuleringsplan for masseuttak på Haukeli i Øystese utført av Hordaland Fylkeskommune.

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

	planen er lagt ut til off. høyring. Om planen kjem i konflikt med kulturminne, må han reviderast eller leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde.	
Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) 15.04.13	Planprogrammet må etter vår vurdering innehalde ei utgreiing kring den geologiske ressursen som det skal drivast på. Førekomsten er grunnlaget for heile reguleringsarbeidet, og det må framleggast geologisk dokumentasjon på at førekomsten er av eit slikt omfang, og av ein slik kvalitet at den oppfyller krava til dei produkta som skal ut i markedet. Minner om føreleggingsplikta (§ 8 i forskrift om konsekvensutgreiingar) som seier at planprogrammet skal leggjast fram for Bergvesenet før fastsetting.	Har skrivne innspel til kommuneplanprogram om dette. Ved rullering av kommuneplanen har me bede om at kommunen gjer ei ressursundersøking i kommunen. COWI AS har kartlagt reguleringsområdet geologisk og gjort ei vurdering av kvalitet og volum til natursteinsforekomsten. Planprogrammet er lagt fram for Bergvesent.
Hordaland fylkeskommune, regionalavd., planseksjonen 17.04.13	Viser til nettsidene sine med ulike rettleiarar for planarbeid. Planområdet ligg innafør landskapstypen «åslandskap og skogsåsar» og det kan knyte seg landskapsverdiar til området. Temaet landskap bør inngå som eige punkt i KU. Ber om at planarbeidet legg særleg vekt på landskap, friluftsliv og kulturminne.	Geoplan AS har gjort ei KU vurdering av landskapet, som er grunnlag for reguleringsframlegg. Friluftslivet i området er kartlagt. Hordaland Fylkeskommune har gjort Kultuminneundersøkingar.
Fylkesmannen i Hordaland 13.05.13.	Planprogrammet synest dekkjande for planformålet. Viktig å følgje opp med gode utgreiingar. Minner om at konsekvensane planen har for endra arealbruk skal vurderast m.o.t. naturmangfaldet og at dette må komme tydeleg fram. Viser elles til at ROS må sjå på risiko både innanfor og utanfor planområdet, og at analysen må følgje PBL/TEK 10.	I NNI rapport 354 er det gjort konsekvensutgreiing for tema natur og biomangfald for planområdet.

3.6 Etter kunningering kom det inn følgjande innspel frå partane

Innspel	Samandrag/hovudpunkt i innspel	Vurdering/kommentar
Arne Isak Flatabø, gnr./bnr. 48/4 og 47/6 15.04.13	Vil ha landskap som eige punkt under KU, med krav om visualisering som metode. Steinressursen må kartleggjast og vere grunnlaget for planen. Ein må syne totaluttaket av ressursen. Meiner det er totalvolumet på ressursen som vil bestemme levetida, og at om 20 år vil konsesjonseigaren få tilgang på nytt areal viss verksemda har behov og det er meir att av ressursen.	I vidare arbeid er det gjort KU på landskap og Steinressursane innafør planområdet er kartlagd. Førekomst innafør området kan nyttast til murstein. Eit grovt anslag gjev eit nyttande volum på mellom 500 000 og 600 000 m ³ murstein. Ved uttak av 6000 m ³ i året vil førekomsten være tom etter 100 år drift.

<p>Når eit område vert regulert til massetak overtek Minerallova som gjeldande lovverk, og samfunn/lokal myndigheit kan ikkje gripe inn i drifta av det regulerte området. PBL gjeld heller ikkje. Meiner det vil vere lett å få endra driftsplanen om verksemda ønskjer å omsetje eit større volum, og at ein må ta høgde for at dagens aktør kan verte kjøpt opp av større aktørar.</p> <p>Ei visualisering må synast i fleire fasar fram til ressursen er tom.</p> <p>Ønskjer temaet trafikktryggleik flytta til KU. Fylkesvegen har vorte hardt belasta og ein må sjå på totalbruken av vegen. GBS har oppretta fleire massetippa i området og tømmertransport har auka dei siste åra. Auken har skada vegen og dersom samfunnet vil prioritere den auka trafikken, må dei og prioritere vedlikehald av vegen.</p> <p>Dagens drift med uttak frå sør mot nord gjev maksimal eksponering av landskapsinngrep og støy mot Soldal. Ønskjer visulaisering og vurderingar av alternative drivretningar. Listar to alternativ: 1: Frå nord mot sør, slik gjeldande driftsplan syner. 2: Frå aust mot vest. Ny ynskt drivretning.</p> <p>1 gjev maksimal eksponering og støy, då støyen vert rikosjettert frå bakveggen på pallen. Vert vanskeleg å starta tilbakeføringa til LNF før ressursen er tom.</p> <p>2 vil redusere eksponeringa i mange år framover. Innsyn og støy vil verte vesentleg redusert frå Soldal. Tilbakeføring kan starte tidleg frå aust.</p> <p>Haukeli har svært låg naturstøy, lite gjennomgangstrafikk og ingen anna kontinuerleg samfunnsstøy. Massetaket vil lage eksponert mekanisk støy, som sannsynlegvis ikkje er helseskadeleg, men</p>	<p>Det kan leggjast inn rammer for uttak i reguleringsplanen. Om ein seinare vurderer endringar på desse, vil PBL styre kva prosess som skal setjast i verk, basert på omfang og konsekvens ønska endringar vil ha.</p> <p>KU på tema landskap/estetikk er laga</p> <p>KU på tema trafikk er laga</p> <p>Dette er visualisert i KU – landskap/estetikk</p> <p>I planlegginga har me halde oss til Miljøverndepartementet si planleggingslinje T-1442 (2012). Viser til rapport RIAKU01 som fann at ingen bustader overskrid gr3nsa Lden = 55 dB på støyande</p>
---	---

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

	<p>som vert opplevd svært dominerande. Differansen mellom maks desibel styrke ved full drift, i forhold til natur-/bakgrunnsstøyen, den relative opplevinga, må kome fram i støymålinga. Støyforholda er vêravhengige og aukar betydeleg i godvêr frå aust.</p> <p>Plass for lager, lasting og tilkomstveg kan liggje som det ligg.</p>	<p>driftsdagar.</p> <p>Det er ikkje planar om å flytte desse.</p>
<p>Soldal og Skåre grendautval 02.05.13</p>	<p>Fortel at Skorsvatnet (Gullfiskvatnet) er eit viktig friluftsområde sommar og vinter, at det frå Haukeli er direkte sikt mot vatnet og at lyden ber gjennom eit mindre dalstrøk.</p> <p>Meiner planprogrammet ikkje viser godt nok korleis tiltakshavar ser for seg planprosessen, heller ikkje ser for seg kva omfang tiltaket kan få og at dei skisserte behova for utgreiingar ikkje tek høgde for aktivitet i mange tiår framover.</p> <p>Viser til § 6 i forskrift om KU om plan- og utgreiingsprogram, og understrekar ordlyden om at ein skal beskrive relevante og realistiske alternativ. Ønskjer generelt ein djupare analyse av kva som er viktig m.o.t. miljø og samfunn, og vidare at ein visualiserer ulike alternativ for korleis massen kan takast ut.</p> <p>Meiner oversikten over prosessen i planprogrammet er mangelfull, då det ikkje kjem tydeleg fram at planprogrammet skal til adm/politisk behandling etter denne uttalerunden. Ønskjer tydelegare oversikt over framdriftsplanen fram til godkjent reg.plan. Ber om at deltakarlista vert endra til å omfatte alle med utsyn til Haukeli og at ein formulerer korleis lokalsamfunnet kan medverke.</p> <p>Viser til planprogrammet punkt 6.1, behov for utgreiingar, og opplyser at området er eit mykje brukt turområde med stiar/traktorveggar som knyter saman fleire grender.</p>	<p>I planlegginga har me forhelde oss til Miljøverndepartementet si planleggingslinje T-1442 (2012). Viser til rapport RIAKU01 som fann at grensa der støy overskrid Lden = 55 dB på støyande driftsdagar ligg 1200 meter frå rasteplassen ved Skorsvatnet.</p> <p>Planprogram vart justert før innsending</p> <p>Verkand for miljø og samfunn skrive er hovudtema i KU. KU-landskap visualiserer til tiltaka.</p> <p>Geoplan AS vart på informasjonsmøtet på Soldal bede om å informere om denne feilen som er teke frå prosess - skissa til Kvam herad. Me kjem til å be heradet om å rette dette opp og me kjem til å rette dette i justert planprogram. Ettersom som det var feil i framsilling av prosess i planprogram har prosessen planen skal i gjennom fått stor fokus og me er trygg på at alle har fått med seg at planprogram skal stadfestast politisk før ein set i gang med sjølve reguleringsplanen.</p> <p>Planprogrammet vart stadfesta i NPB 050/13, den 18.06.2013.</p>

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

	<p>Forstår ikkje grunngevinga for kva tema som er lista under 6.1.1, konsekvensutgreiing, og kva som er under 6.1.3, andre utgreiingar. Ber om at næring/industri, HMS, trafikktryggleik/tilgjenge, landskap og estetikk vert flytta til 6.1.1, KU.</p> <p>Næring/industri: Viktig å kartleggje ressursstorleiken, då ingen kjenner ressursmengda. Kvifor er planområdet avgrensa som det er? Viktig for effektivt uttak å definere mengde, kvalitet og retning. KU bør omfatte tankar om etterbruk.</p> <p>Trafikktryggleik/tilgjenge: Viktig å analysere endringa Øystese-Skårdalen-Haukeli. Stor aktivitet vil generere fleire tunge bilar i nærmiljøet og meir støy i Skårdalen. Skårdalen har ein marginal fylkesveg der nedste delen er skuleveg, som er trafikkfarleg vinterstid. Dagleg tungtransport vil slite på vegen, spør om vegen er god nok til dette og meiner auken bør framskande gangveg i Skårdalen. Ein bør og vurdere tilkomst til brotet frå hoppbakken på Vetlemyrane, slik at ein slepp køyre ned Botnabrekka og opp igjen til brotet.</p> <p>Landskap: Ber om ei grafisk framstilling av endringane i landskapet over tid og korleis ein kan unngå ope eksponering av brotet. Bør visa inngrepet sett frå Skårsvatnet, Kampen og Soldal.</p> <p>Estetikk: Ber om utgreiing av særlege buverdiar på Soldal og Skåre, og korleis brotet evt. vil påverke dette.</p> <p>Ber om at det vert gjort greie for kva metodar som vert brukte og at det vert vald ein metodikk der ein kan ta stilling til om plan- og utgreiingsprogrammet er gjennomført i samsvar med programmet.</p> <p>Ber om at 0-alternativet vert utgreidd, jf. forskrift om KU, vedlegg III,</p>	<p>Turområdet vil verta registrert.</p> <p>Planleggjar følgjer dei vedtak som gjeld i saka til ei kvar tid.</p> <p>COWI har utført ei berggrunnsgeologisk kartlegging av førekomsten innafor planområdet.</p> <p>Det er laga KU med tema trafikk. Ein har i denne samanheng sett på ny tilkomst til brotet frå hoppbakken på Vetlemyrane.</p> <p>Viser til KU med tema landskap/estetikk</p> <p>Viser til KU med tema landskap/estetikk</p> <p>Planprogram er justert etter stadfesting i NPB den 18.06.2013.</p>
--	---	---

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

	<p>a).</p> <p>Viser elles til forskrifta om KU, § 9, og understrekar ordlyden om at det i nødvendig grad skal innhentast ny kunnskap. Understrekar vidare at ein skal gjere greie for kva som kan gjerast for å tilpasse tiltaket til omgjevnadene og for å bøte på skader/ulempar, og undersøkingar/tiltak for å klargjere faktiske verknader av planen.</p>	<p>0-alternativet ved nedlegging av drifta av steintaket er vurdert i KU.</p> <p>I KU er det vist til ei rekke avbøtanede tiltak som er vidareført inn i framlegg til regulering.</p>
--	---	---

PS! Innspela til planarbeidet er referert i grove trekk. Kopi av innspela er lagt ved.

4 PLANSKILDRING - OMTALE

4.1 Konsept/grep

I KU er det konkludert med ei rekke avbøtande tiltak som er direkte førande for utforming av reguleringsplanen og føresegner. Med argumentasjon i trafikksikring vert det sett krav til utbetring av avkøyring og frisiktsoner til Fv 131. For å redusere risiko for uønska avrenning gjennom små vassførekomstar er det laga buffersone mot aust. Det er og krav i reguleringsplanen om grøfting som leier vatnet bort frå delfeltet (mot aust) og etablering av fellingsdammar som fangar opp og bunnfell partiklar og delar av nitrogenforbindinga. Det er laga rekkefølgjekrav til uttak for å sikre god skjerming mot nord (Soldal og Skorsvatnet). Tidsavgrensing på drift, vegetasjonsbuffer, uttaksrekkefølgje med skjerming, og drivretningar vert innført for å minimalisere mekanisk lyd og dur frå steintaket i drift. I randsonene av planområdet og langs turvegane skal det etablerast buffersone der ein tek vare på skog for å sikre minst mogleg innsyn i steintaket. Skogen vil hindre direkte innsikt i taket for turgåarar og hindre omliggande bustader å sjå aktiviteten i dei lågaste delane av steintaket. Det er lagt opp til at ein tek ut stein etappevis og fyller tilbake skrotstein og reine massar for å få i gang revegetering av området på eit tidleg stadie. Det krav til at ein startar med å fyller tilbake massar og revegetere i område mot nordaust i dagens steintak. Dette vil bøte på innsynet i steintaket (skjering) som er synleg for bustadane (på Kampen og ved Årbø) i dag.




Fig. nr. 03: Innsikt i steintaket frå område nord for steintaket, vist i tre terrengsnitt.






Fig. nr. 04: Plan som viser uttaksrekkefølge, drivretning, bufferoner.


DRIFTSFASE 1




DRIFTSFASE 2




Tverrprofil 3



Tverrprofil 2



Tverrprofil 3










-  Steintak
-  Buffersoner
-  Revegeterring
-  Masselager
-  Reguleringsgrense
-  Grense for steinbrot i gjeldande kommuneplan
-  Grense for gjeldande driftsplan

Fig. nr. 06: 3 terrengsnitt som viser prinsipp for driftsfasen 2.

DRIFTSFASE 3




Fig. nr. 07: 3 terrengnitt som viser prinsipp for driftsfasen 3

4.2 Arealoversikt reguleringsplan

Formål	Daa reguleringsframlegg	Daa samla
Bygg og anlegg (PBL § 12-5, nr 1)		
Steinbrot	70,8	
Kombinert: steinbrot/vegetasjonsbelte	52,4	123,2
Samferdsel og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr 2)		
Off. køyreveg - Fv. 131	1,2	
Privat køyreveg til steinbrotet	2,6	
Anna vegrunnlangs Fv. 131	0,1	3,9
Samla areal	127,1	127,1

4.3 Tema for utgreiing i planarbeidet

For å få oversikt på ressursgrunnlaget og stipulere drift og næring er det føreteke bergrunnsgeologisk kartlegging av steimbrotet i Haukeli. Kartlegginga omfattar heile det omsøkte planområdet. COWI AS har utført den bergrunnsgeologiske førekomsten. Viser til vedlagd rapport.

Innafor planområdet opptre bergartane klorittskifer, metarhyolitt/kvartskifer og glimmerskifer. Metarhyolitt/kvartskifer har ein gunstig kombinasjon av tre sprekketningar som gjer at den er godt eigna til bruk som murstein. Eit grovt anslag basert på at bergartane ligg tilnærma horisontalt innafor området gjev eit nyttande volum på mellom 500 000 og 600 000 m³ murstein. Dei andre bergartane har begrensa bruksområde som naturstein. Det er mogleg at glimmerskiferen kan brukast til plater/forblendingstein då den har like trekk med Ottaskifer. Dei siste åra har uttaket av stein i Haukeli vore på om lag 2000 m³, men GBS ønskjer å auke til 4-6000 m³ årleg. Dette gjev ein horisont på 100 år innafor omsøkt området.

4.3.1 Viktige tema for planarbeidet.

Tema utgreia under samsvarer med lista over viktige tema for utgreiing i planarbeidet som vart kryssa av i planavklaringsmøte. Oppsettet av tema svarer til kommunen si sjekkliste for innlevering av planframlegg.

4.2.1 <input checked="" type="checkbox"/> Naturgrunnlag:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Grunntilhøve (området som byggegrunn)	Planområdet ved Haukelihovden ligg ved Hardangerfjorden sine midtre delar. Planområdet ligg i eit område der berggrunn er variabel, men generelt rik med kalkførande lag som er karakteristisk for nordsida av Hardangerfjorden. Området er ikkje aktuelt som byggegrunn. Omsøkt regulering er området aktuelt som steintak.	
Hellingsgrad	Godt eigna som steintak	
Vegetasjon	Naturgeografisk ligg Haukelihovden i den boreonemorale sonen, med sonemessig god homogenitet (Moen 1998), og med grunnlag for meir varmekrevande artar i solvendte delar av landskapet. Planområdet ligg relativt sjønært, i eit småkupert terreng prega av skogholt og parti med ope kulturlandskap. Planområdet for utvida steinbrot har for det meste skog (med nokre skogsveggar). Det er ikkje registrert noko nasjonalt viktige naturtypar/område i eller ved tiltaksområdet. Steinbrotet ligg som ei lomme i skogen. Mesteparten av planområdet ha tette granplaningskog med vanlig gran. Noko av området i randsona har naturskog med furudominert blandingskog. Furuskogen er av bærlyngtype. Det er og noko lauvdominerte vegetasjon med hassel og eik. Det er observert to hole eiketre utafor planområdet.	
Topografi	Planområde ligg i eit skogkledd åslandskap. Viser til KU landskap.	
Geologiske ressursar	Berggrunnen er dominert av metaryolitt og flitt og glimmerskifer.	

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

Klima/soltilhøve	Klimatisk tilhører området ved Haukelihovden den klart oseaniske sesjon 02 (Moen 1998), med lang vekstsesong og eit mildt vinterklima. Sommarterperaturane på denne delen av fjorden er høgare enn ute ved kysten, men fremdeles påverka av det oseaniske klimaregimet.	
Andre viktige opplysningar om naturgrunnlag	Området aust for Haukeli har funksjon som beiteområde for hjort. Det føreligg registreringar av kvitryggspett i skogsområdet ved planområdet.	

4.2.2 <input type="checkbox"/> Tal bustader/busette/ folkesamansetnad:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Talet på bustader	Det er ingen busette innafor planområdet næraste bustad (våningshus) ligg 450 meter frå plangrensa og ca. 600 meter frå kjeneområdet for masseuttaket. Neste bustad ligg rundt 600 meter frå plangrensa. Steintaket ligg i same landskapsrom som grenda Soldal. Grenda Soldal omfattar gardane Teigland, Soldal og Hovland, og har 14 landbrukseigedomar, tre bustadeigedomar og ein hytteeigedom. Grenda Porsmyr omfattar gardane Froastad og Skåre, og har 14 landbrukseigedomar, ni bustadeigedomar og åtte hytteeigedomar.	
Bustadtypar	-II-	
Tal busette og alderssamansetting	124 personar var registrerte grunnkrinsen Soldal i 2012 (jf. http://statistikk.igest.no/hf/)	

4.2.3 <input checked="" type="checkbox"/> Næring/handel/industri/kontorfunksjonar:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Type handel/næring/industri/kontor	Uttak av naturstein, gardssag og godkjent sprengstofflager.	
Senterstruktur		x
Retningsliner for etablering og utviding av kjøpesenter		x
Storleik, m.a. for å avklare om tiltaket utløyser krav om KU	Det er krav om KU, jf. NPB-vedtak 129/12.	

4.2.4 <input checked="" type="checkbox"/> Veg-/trafikksituasjon, tilkomst/avkøyrsl:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
--	---	-------------------

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

Trafikkmengde (ÅDT), type trafikk	<p>Årsdøgntrafikk (ÅDT) på Fv. 131 Skårdalsvegen/Porsmyrvegen er i gruppa 0-350 (jf. vegvesen.avinet.no). I e-post opplyser vegvesenet at ÅDT på i 2012 var på 250.</p> <p>Fv. 131 Skårdalsvegen frå rundkøyringa i Øystese sentrum til krysset mellom Skårdalsvegen og Fitjadalsvegen har ÅDT på 351 – 900.</p> <p>Planlagd maksimal drift gjev ein auke i ÅDT på 10, dvs. 4% auke i forhold til dagens trafikk på Fv131.</p>	
Trong for fortau og/eller gang-/sykkelveg		x
Vegstandard, vegbreidd, kurvatur, stigningsgrad	<p>Fylkesveg 131 er godkjent for Lastebil på 18 m, maks 10 tonn. Køyrebanebreidde varierer frå 4 meter til 4,8 meter. Køyrebanebreidde er på 4,6 meter ved avkøyring til steintaket i Haukeli.</p> <p>Stigningsgrad</p>	
Kryss og avkøyrse, dimensjonering og frisikt	Frisikt i avkøyring frå Fv 131 til Steintak er kravet 6 m x 100 m .	
Dimensjonerande fartsgrense	80 km/t på Fv. 131 Porsmyrvegen.	
Byggegrense		x
Universell utforming og tilgjenge		x
Rekkefølgekrav	Ingen	x
Utbyggings- og vedlikehaldsavtale		x

4.2.5 ☒ Trafikktryggleik og tilgjenge:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Skule og barnehage	Det er ikkje skuleveg forbi Steintaket lokalt. Ei utviding av steintaket kan bety ein total auke i trafikk på 10 i ÅDT. ÅDT går då frå 250 – 260. Ein kjem såleis ikkje i nærleiken av kravet til ein Sa3 samleveg for å vurdere bygging av gang og sykkelveg. Viser til KU trafikk, punkt 4.2 vegnormalar og punkt 4.4 Skuleveg.	
Leike- og opphaldsareal		x
Grøntområde/friluftsområde/ friområde	Utvidinga av området vil ikkje føre til endringar på tilkomstvegen til tur og/traktoveg systemet som fører til Laupsadalen og Hellestveitåsen.	
Busshaldeplass		x

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

Servicefunksjonar		x
Renovasjon		x
Utrykkingskøyretøy	Vegen er dimensjonert for lastebil, så alle typar utrykningskøyretøy vil ha god tilkomst.	
Rekkefølgekrav		x

4.2.6 <input type="checkbox"/>		Kryss om uaktuelt
Parkering:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	
Er parkeringskapasiteten vurdert?	Ja. I driftsplanen for steintaket vurderer ein kvar det er best at bilane til dei som arbeider skal stå etter kvart som steinen vert teken ut. Turgåarar parkerer i Steintaket når steintaket ikkje er i drift (kveldar og helger).	
Er det sett av min/maks krav til parkering?		x
Er parkeringskrava i samsvar med kommuneplanen sine krav?		x

4.2.7 <input type="checkbox"/>		Kryss om uaktuelt
Kollektivtrafikk:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	
Konsekvensar m.o.t. til kollektivtrafikk?	Ingen konsekvensar	x
Tilrettelegging for kollektivtrafikk?	Uaktuelt	x
Universell utforming og tilgjenge?	Uaktuelt	x

4.2.8 <input checked="" type="checkbox"/>		Kryss om uaktuelt
Støy/forureining:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	
Støy frå eksisterande og planlagde tiltak (vegtrafikkstøy m.m.)	Støykoten for $L_{den} = 55$ dB (ytterkant gul støysone) går i utmarka, like utafor planområdet. Arbeidarar inne på uttaksområdet som vert utsett for støy. HMS plan må sikre at dei som arbeider i steintaket har gode nok arbeidstilhøve. Bustader i grenda rundt er ikkje utset for støyverdiar som går over godkjente grenser. Sjå eige punkt om støy under KU støy.	
Forureina grunn	Ikkje kjend	

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

Luftforureining frå eksisterande og planlagde tiltak	Ikkje kjend	
Fare for ureining av drikkevasskjelde	Ikkje kjend. Det er ikkje vatn innlagd i steintaket. Kommunalt vassverk som forsyner bustadane på Laupsa og Torpe. Intern bruk av vatn i Steintaket er i lukka system (flasker og behaldarar).	

4.2.9 <input type="checkbox"/> Skule/barnehage:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Avstand/tilgjenge til skule og skulekapasitet	x	x
Avstand/tilgjenge til barnehage og barnehagekapasitet	x	x
Avstand/tilgjenge til andre offentlege og private servicefunksjonar	x.	x

4.2.10 <input checked="" type="checkbox"/> Born og unge sine interesser i planområdet:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Er området kartlagt med omsyn til eksisterande bruk som leike- og opphaldsareal?	Området har vore nytta til steintak i over 100 år. Området har ikkje kjend bruk som leike- og opphaldsareal. Området er ikkje registrert i "Barnetråkk". Ein vil sikre skrentar og potensielle fareområde.	
Er erstatningsareal avsett dersom eksisterande leike- og opphaldsareal går tapt?		x

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

4.2.11 <input type="checkbox"/> Leike- og opphaldsareal:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Storleik og avstand til ulike typar leike- og opphaldsareal		x
Utforming og kvalitet med omsyn til soltilhøve. Vindskjerming, helningsgrad		x
Trafikktryggleik		x
Universell utforming og tilgjenge		x
Kan brukast i alle årstider		x
Rekkefølgekrav		x
4.2.12 <input checked="" type="checkbox"/> Landskap:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Omfattar planforslaget kulturlandskap med høg verdi?	Nei. I området har det vore uttak av stein i fleire hundre år.	x
Omfattar planforslaget grense mellom by/tettstad og landbruk?	Nei	x
Er den landskapsmessige verknaden av planen vurdert?	Ja. Reguleringsplanen legg rammer for etappevis utak av stein og revegetering etter bruk. Viser til avbøtande tiltak i KU for landskap/estetikk.	
4.2.13 <input checked="" type="checkbox"/> Estetikk:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Utforming og byggehøgder i høve til terreng og landskap, nær- og fjernverknad er vurdert	Landskapet i regionen er variert med omsyn på topografiske element. Planområdet er lokalisert i landskapsregion 23, Indre bygder på Vestlandet, underregion Samlafjordbygdene (NIJOS 2005). Landskapet er relativt ope i form av langsgåande fjellformasjonar, med åsar og ryggar som tydelige og dominerande i landskapsbiletet.	

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

<p>Konsekvensar for høgdedrag og landskapsilhuettar vurdert</p>	<p>Fjordlandskapet rundt er av høg landskapsmessig og estetisk verdi. Det er viktig at ikkje steintaket vert visuelt dominerande i dette landskapet. Haukelihovden er ikkje synleg frå fjorden på noko kant. Tiltaket gjev ikkje noko påverknad på landskapsrommet (fjordlandskapet), ingen fjernverknad og det er ikkje tale om horisontverknad.</p> <p>Haukelihovden ligg som ein liten «knatt» inne i eit tilnærma «lukka» dalrom. Haukelihovden ligg ikkje i horisont. Sjølve Haukelihovden er ikkje karrakterdannande for området og har ikkje ein viktig landskapsmessig verdi i seg sjølv, då den er ei underordna form i landskapet.</p>	
<p>Nær- og fjernverknader av tiltaket/utbygginga si plassering i høve til eksisterande omgivnader er vurdert</p>	<p>Steintaket har fjernverkand og er synleg for dei som bur i Soldalsgrenda. For nokre av bustadane i grenda ligg brotet «midt i utsikta». Bustadane ligg frå 700 meter til 1,5 kilometer frå steintaket. Steintaket vil er berre ein liten del av den totale utsikta bustadane har. Om steintaket berre utgjer ein liten del av utsikta, så vil det skilje seg ut i og representere eit brot i vegetasjonsteppet som ligg over åslandskapet. Ny brotflate er lys i fargen og skin opp i landskapet. Fargen er i kontrast til den mørkegrøne granskogen som omkransar anlegget. Om ein tykkjer steintaket er stygt eller fint vil vere individuelt, og variere med bakrunn og erfaring til den enkelte.</p> <p>Tidlegare driftsplanar føreset steintaket skal dekkast med «reine» massar og legg opp til ein revegetering av området etter ferdig uttak. Når vegetasjonen er på plass vil tidlegare steinbrot ikkje skilje seg ut visuelt i dette perspektivet. I mellomtida bør ein finne tiltak som tek omsyn til utsikta frå Soldalsgrenda. Ved å endre drivretning vil brotflata ikkje vere synleg frå Soldalsgrenda. Ved å endre drivretning vil vidare drift vere lite negativ omfang for bebuarar på Soldal.</p> <p>Steinbrotet slik det ligg i dag ligg ca. 20 meter høgare enn Skorsvatnet. Ein kan sjå Steintaket frå veggen langs Skorsvatnet når det ikkje er lauv på trea. På tilrettelagd område for bading, opphald og mating av fisk er steintaket er steinbrotet ikkje synleg.</p> <p>Ved å endre drivretning mot aust vil brotflata i steintaket vende seg mot Laupsadalen som er i dagleg bruk til turgåing. Brotflata vil ikkje verte dominerande for turfolk i Laupsadalen, då desse går lågare i terrenget og vil verta skjerna av vegetasjonen langs stien/traktorvegen og buffersona. Turløypa som går gjennom steintaket i dag vil fortsette å gå gjennom steintaket. Turgåarar langs stien/traktorveg som går vest i planområdet vil ikkje verta påverka då det vert sikra ei buffersona (vegetasjon) langs stiane/traktorvegane. Turgåarar på Melstveitåsen og Hellestveitåsen lenger sør, vil kunna sjå steintaket, avhengig av kvar dei er og kor tett vegetasjonen er i det området dei er i.</p>	
<p>Utnyttingsgrad, bygningsvolum, utbyggningsform i høve til omgivnadane er vurdert</p>	<p>x</p>	

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

4.2.14 <input checked="" type="checkbox"/>	Omsyn til naboar:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Konsekvensane for naboane med omyn til sol, utsikt, innsyn vurdert?	Busetnaden nord for området ser inn i steintaket slik det ligg i dag. Om skog mellom steintaket og Skorsvatnet vert hoggen vil ein også sjå øvre del av steintaket frå rasteplassen der ein matar fisk. Ved å vere nøye med drivretning og revegetering, vil ein og kunna skjerme lokalbefolkninga på Soldal og «gøyne» steintaket frå friluftslivet i området og turistane som besøker Gullfiskvatnet (Skorsvatnet). Landskapet og plassering av steintak er gunstig med tanke på å skjule brotet for omgjevnadane i den tid det er drift. Viser til KU friluftsliv.		
Anna:	x		
4.2.15 <input checked="" type="checkbox"/>	Friluftsliv/grøne interesser:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Er planforslaget i konflikt med område av nasjonal/regional/ lokal verdi for friluftslivet?	Nei		x
Er planforslaget i konflikt med off. friluftsområde eller friområde?	Nei		x
Er planforslaget i konflikt allmenn fri ferdsel/løyper/stiar/ markaområde?	Nei		x
Er det lagt til rette for samanhengande grønstruktur?	Turstiar/traktorvegar som går gjennom området er sikra i reguleringsplan med buffersone. Desse knyt saman område i Haukeli og på Myrane med sti ned Laupsadalen og over Hellestveitåsen til Torpe.		
Er grønstrukturen lett tilgjengeleg for ålmenta?	Omliggande område til Haukeli er å sjå på som eit nærturområde for lokalbefolkninga. Viser til KU friluftsliv.		

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

4.2.16 <input checked="" type="checkbox"/> Naturvern:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Biologisk mangfald?	<p>Ingen kjende registreringar i planområdet, jf. artsdatabanken.no og miljostatus.no</p> <p>Ei registrering av Kvitryggspett (ikkje raudlista) like utanfor plangrensa i sør-aust, naturbase-id BA00001641.</p> <p>I NNI rapport 345 er floraen i området klassifisert som middels rik i naturskog og svært artsfattig i kulturskog (granplantefelta). Den furudominerte naturskogen i randsona og utafor planområdet har innslag av eik og hassel. Etter gjennomgang av sjølve planområdet og det nære influensområdet resulterte i 50 artar, ein middels artsrikheit sett i forhold til type natur og omfanget av kartlegginga. Registreringar av mose, lav og sopp i området indikerer det same, ein middels rikheit, utan spesielle funn. Det er heller ikkje spesielle artsfunn av andre artar/artsgrupper i tiltaks- Influensområdet og bortsett frå eikeområda vert potensialet for nye viktige funn vurdert som avgrensa. Floraen i området er av lokal verdi.</p> <p>I NNI rapport 345 er faunaen i området vurdert. Potensialet for spesielle artar i planområdet er avgrensa. Granskogen som på sikt vil verta hogge ut gjev hekkemoglegheiter for artar som nøttekråke, nøtteskrike, spurvhauk, svartmeis, ringdue, grønfinke etc. Verdien av området for ornitologisk forhold er difor avgrensa og vurdert som liten, lokal verdi. Vanlege pattedyr er nok i området (hjort, raudrev, mår, og vanlege smågnagarar). Planområdet har sannsynleg ikkje noko spesiell verdi for dyrelivet, men er nok representativt for regionen, dvs. samla verdi for faunaen er sett til lokal, liten verdi.</p>	
Naturmangfaldslova?	Planområdet og det omliggjande influensområdet har ikkje areal som er omfatta av vern eller naturvernlova.	
Viltområde/vilttrekk?	<div data-bbox="616 1058 1086 1415" data-label="Image"> </div> <p>Trekkveg for hjort rett nord for planområdet. Naturbase-id BA00001606.</p> <p>Det er hjortejakt i området. Det er Øystese aust grunneigarlag som organiserer jakta. Valdet strekk seg frå Øysteseelva til Fykkesund. Årleg løyve har vore opp i 46 dyr men i år var løyvet på 35 dyr. Av desse vart 10 dyr skote i nærområdet til Haukeli, mange av desse på Myrane.</p>	

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

<p>Gyteplassar/oppvekstområde/ kantsoner</p> <p>(frå MVA-rapport 5/2002, Viltet i Kvam)</p>	<p>Område 5, Melstveitåsen Melstveitåsen er om lag 3800 daa og strekkjer seg frå sjøen og opp til om lag 350 moh. Området ligg i "triangelet" Porsmyr-Bjelkaneset-Buaneset, der Laupsadalen blir "langsida". Området er viktig som vinteropphaldsområde for hjort. Det er òg observert elg i området. Også i dette området vil hjorten trekka utover mot fjorden i vintrar med mykje snø. Elles har storfugl hatt fast tilhald i Melstveitåsen tidlegare, men statusen pr. i dag er uviss. Bergstøberget er hekkeplass for gråhegre.</p> <p>Område 6, Skårsvatnet Skårsvatnet er om lag 85 daa og ligg 116 moh. Området er eit viktig beite- og hekkeområde for vade- og andefuglar. Vatnet har ein bestand av gullvederbuk <i>Leuciscus idus</i> og blir difor kalla "Gullfiskvatnet". I sommarhalvåret er mating av fisk og fugl ved vatnet ein turistattraksjon.</p> <p>Område 7, Mykven Området er om lag 2400 daa og ligg 220 til 480 moh. Dette området er først og fremst viktig for storfugl og orrfugl, med minst ein spel plass for orrfugl og to for storfugl. Det blir jamt observert skogshøns i området, men status for spel plassane i dag er usikker. Elles går eit viktig hjortetrekk gjennom området.</p> 	
---	---	--

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

4.2.17 <input type="checkbox"/> Strandsone og vassdrag:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Er tiltaket innanfor 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag?	Nei	x
Er tiltaket avklart i overordna plan?	Nei	x
Er det gjennomført kartlegging av strandsona eller sona langs vassdraget?	NNI rapport 346, Laupsaelvi – oppsummering: Laupsaelvi frastår som ei ordinær og vanleg elv men fauna og faunasamansetning som er vanleg for regionen. Det er ingen indikatorar på forureining eller negative påverknader av menneskelig aktivitet. Elva er mindre forureina enn mange andre elver i regionen og miljøtilstandener god til svært god (nær naturtilstand). Miljøforholdene i elvøkologien er lik oppstraums og nedstraums det omsøkte tiltaksområdet (steinbrotet). Det kan difor konkluderast med at det gjeldande steinbrotet pr. i dag ikkje har påverka miljøforholda i elva negativt, samt at grunnlaget for måling av eventuelle endringar i framtida, jf. drøfting av konsekvensar.	
4.2.18 <input checked="" type="checkbox"/> Kulturminne:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Automatisk freda kulturminne	<i>Ingen registreringar på kulturminnesok.no og askeladden.no Det har vorte teke ut stein i fleire hundre år, så sjansen for å finne kulturminne er vurdert til ubetydeleg.</i>	x
Vedtaksfreda kulturminne	Ingen registreringar.	x
Verneverdige bygningar og miljø	Ingen registreringar.	x
SEFRAK-registrerte bygningar (bygde før 1940)	Ingen registreringar. Viser m.a. til SEFRAK- og Per Fett–registreringar av kulturminne. www.dokpro.uio.no/arkeologi/fett/fett_ramme.html	x
4.2.19 <input type="checkbox"/> Energiløysingar:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uakt.
Energiforsyning	x	x
Energibruk	x	x
Bruk av fornybar energi	x	x

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

Vassboren varme	x	x
Klimatilhøve	x	x

4.2.20 <input checked="" type="checkbox"/> Vatn, avløp og overvatnhandtering:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Vassforsyning	Lukka system	
Avlaupsløysing	Lukka system	
Handtering av overvatn	Auka uttak av steinmassar kan kunna påverke nærliggande vassmassar negativt, dvs. påverke naturmangfaldet på ein ikkje ønskeleg måte. Dette kan skje via avrenning gjennom små vassførekomstar (vassig) og fleire av bekkane som renn ned mot Laupsaelva. Sjølv om elver med god resipientkapasitet vil NNI tilrå enkle, men effektive avbøtande tiltak som reduserer risiko for uønska, negativ påverknad: - Buffersone mot aust - Etablering av grøfter som leier avrenning bort frå delfetet (mot aust) - Etablering av fellingsdammar som fangar opp og bunnfell partiklar og delar av nitrogenforbindinga. Viser til KU - NNI rapport 346 Vurdering av potensialet for avrenning og forureiningar til vannmiljøet.	
Sløkkjevatt	-	x

4.2.21 <input type="checkbox"/> Renovasjon:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Miljøstasjon/henteplass for avfall		x

4.2.22 <input checked="" type="checkbox"/> Landbruk/jordvern:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Omdisponering av landbruksareal	Utvidinga av området for masseuttak går inn på det som i dag er LNF-område. Planområdet vert i dag ikkje nytta til landbruksdrift eller beite, og er lite eigna til slik bruk. Det er ikkje jordbruksareal som grensar til planområdet, og det er heller ikkje kjent at vegen gjennom planområdet vert nytta i samband med jordbruksdrift. Det er for det meste furuskog med middels til svært høg bonitet. I dag vert noko skog teke ut. Sjå elles konsekvensar for landbruk, og rapport frå Norsk Landbruksrådgiving Hordaland i vedlegg.	

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

Arealrapport/arrondering og drift for landbrukseigedomane		x
Langsiktig produksjonspotensiale for landbruksareala	Norsk Landbruksrådgiving gjorde i 2007 ei vurdering av arealet rett nord for planområdet, der konklusjonen var at det var ulønsamt å dyrke området. Jf. vedlagde rapport frå Norsk Landbruksrådgiving Hordaland.	
Konsekvensar/miljømessige ulemper for tilgrensande landbruksareal som kan medføre restriksjonar på drifta	I ovannemnde rapport er vurderinga at det skisserte masseuttaket korkje vil ha positive eller negative konsekvensar for landbruksdrifta i nærleiken.	
Avveging mellom omsyn til jordvern og andre samfunnsinteresser		x

4.2.23 <input checked="" type="checkbox"/> Helse, miljø og tryggleik:		Kryss om uaktuelt
	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	
Miljøkvalitet i jord, vatn og luft	God	
Oppleving, rekreasjon og fysisk aktivitet	Sti/traktorveg vert regulert inn i buffersone. Skrentar og andre farar skal sikrast fortløpande med drifta.	
Samfunnstryggleik	Driftsplan (http://www.dirmin.no/forbedrifter/Sider/Krav%20til%20bedrifter.aspx) «For uttak mellom 500 m ³ og 10 000 m ³ er det normalt ikke behov for å kreve driftsplan fordi dette er en småskaladrift. Dersom det likevel viser seg å være behov for å ha en driftsplan, kan Direktoratet i særlige tilfeller kreve at det skal fremlegges en driftsplan.» Samfunnstryggleik føreset at alle serteifikat og godkjenningar som er påkrevd for drift i steintaket er på plass. Godkjent reguleringsplan kontinuerlig godkjenning av sprengstofflager eventuelt vidare godkjenning av driftsplan for steintaket etter 2014 om Direktoratet krev det.	

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

4.2.24 <input checked="" type="checkbox"/> Økonomiske konsekvensar for kommunen:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Medfører tiltaket kommunal overtaking av vegar?	Nei	
Medfører tiltaket kommunal overtaking av va-anlegg?	Nei	
Medfører tiltaket trong for opprusting eller nyanlegg av kommunal infrastruktur utanfor planområdet?	Nei	
Er det sett rekkefølgekrav for gjennomføring av infrastrukturtiltak?	Frisiktsone i avkøyning frå Fv. 131.	
Anna:	Kvam herad ønskjer å vektleggje dei økonomiske konsekvensane av reguleringa for kommunen spesielt. I arbeidet med reguleringa har ein ikkje funne at steintaket har negative konsekvensar for kommunen. Vidare drift av steintaket som ønskja vil sikre skatteinntekter og 2-4 arbeidsplassar. Arbeidsplassane vil gje synergieffekt i kommunen.	
4.2.25 <input type="checkbox"/> Eigedomsinngrep:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Er eigedomstilhøva kartlagt?		x
Medfører planen inngrep på andre sin eigedom?	I tillegg til inngrepa på gnr. 51, bnr. 3 og 5, vil ei siktsone i avkøyninga til Fv. 131 gå nokre meter inn på gnr. 49, bnr. 1.	
Er det inngått avtale om inngrepa?	Ja. Avtale om steinuttak med gnr. 51, bnr. 3 og 5.	

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

4.2.26 <input type="checkbox"/> Universell utforming:	Vurderingar og dokumentasjon med omsyn til:	Kryss om uaktuelt
Er planforslaget vurdert og dokumentert med omsyn til universell utforming og tilgjenge? (Bygningar, varige konstruksjonar og anlegg/uterom)		x
4.2.27 <input checked="" type="checkbox"/> Risiko og sårbarheit: ROS-analyse jf. pbl. § 4-3	Risiko- og sårbarheitsanalyse i kapittel 4.3 under:	
Hending/situasjon:	Konklusjonar frå vurderingar i ROS som har fått direkte innverknad på utforming krav og tiltak reguleringsplanen:	Konsekvens/sannsynlegheit
Automatisk freda kulturminne	Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Om det kjem fram gjenstandar eller konstruksjonar i samband med graving, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren få melding slik at det kan gjennomførast gransking på staden, jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.	4
Forureina grunn	Det er ikkje indikasjonar på forureiningar eller negative påverknader av menneskelig aktivitet. (Laupsaelvi har god til svært god (nær naturtilstand). Krav til drift vil sikre at det ikkje vert avrenning til Laupsaelva.	2
Skade på vassdrag eller strandsone	Det er ikkje indikasjonar på forureiningar eller negative påverknader av menneskelig aktivitet. (Laupsaelvi har god til svært god (nær naturtilstand). Krav til grøft, fellingsdammar og buffersone vil sikre at det ikkje vert avrenning til Laupsaelva.	2
Industri/verksemder med fare for utslepp av kjemikalikum eller anna forureining	Oljesøl kan førekome. Driftsplan og avbøtane tiltak handerer eventuelle utslepp internt i steintaket.	4

5 RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE (ROS)

5.1.1 Risiko- og sårbarheitsanalyse, ROS

I tråd med pbl. § 4-3 er det utarbeid ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS):

”Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.”

Følgjande tema er teke inn i denne analysen:

Følgjande rapportar vert produsert av spesialistar som grunnlag for ROS:

- Kulturhistoriske registreringar, Hordaland fylkeskommune, rapport 28, 2013
- Konsekvensutgreiing for tema natur og biomangfald - NNI rapport 345, juni 2013
- Vurdering av potensialet for avrenning og forureining til vannmiljøet - NNI rapport 346, juni 2013
- Konsekvensar for landbruk, Norsk landbruksrådgivning Hordaland
- Støy for steinuttak Øystese, RIAKU01, Sweco AS

ROS-analyse jf. pbl. § 4-3. Tema utgreia under samsvarer med lista over viktige tema for utgreiing i planarbeidet som vart kryssa av i planavklaringsmøte.

Oppsettet av tema svarer til miljøverndepartementet sin rettleiar for utarbeidinga av reguleringsplanar etter plan og bygningslova. Viser til

www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/veiledninger/2011/reguleringsplanveileder/vedlegg-1-ros-analyse.html?id=629591

5.2 I noverande situasjon i planområde er det fare med omsyn til:

Hending/situasjon	Aktuelt	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Flaum og eller springflod	Nei	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Ikkje flaumutsett område. Springflod vil heller ikkje påverke slåttemark.
Ras/skred (stein, jord, leire, snø)	Nei	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	I steinbrotet må ein til ei kvar tid sikre mot skred/ras. Uttak av massar føreset driftsplan godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning (bergvesenet). Tryggleik i drift vert ivareteke i denne (HMS). I området står eit ammunisjonslager og ei sag. Saga er ei gardssag som vert nytta nokre dagar i året. Bygga som står i området er å sjå på som bygg i sikkerheitsklasse S1.
Skrentar og stup	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Skrentar og skjeringar er sikra i samsvar med krava i gjeldande driftsplan.
Radon	Nei			1	Oversiktgranskinga gjort i Kvam herad av Statens strålevern konkluderer som følgjer: «Områdene rundt Øystese, Norheimsund og Tørvikbygd har lav sannsynlighet for forhøyde radonkonsentrasjoner (grønne områder)». Viser til strålevern rapport RaMAP 2003:9 www.nrpa.no/dav/371e0917c6.pdf For steinuttaket har det ikkje betydning.
Forureina grunn	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Det er ikkje indikasjonar på forureiningar eller negative påverknader av menneskelig aktivitet. (Laupsaelvi har god til svært god (nær naturtilstand). Krav til drift sikrar at det ikkje er avrenning til Laupsaelva.
Vind	Nei	Mindre sannsynleg/ kjenner tilfeller: 2	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Ikkje vindutsett område.
Industri/verksemder med fare for brann/eksplosjon	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Ammunisjonslager er sikra jf. krav. Drift er etter godkjende ordningar.
Industri/verksemder med fare for utslepp av kjemikalikum eller anna forureining	Ja	Mindre sannsynleg/ kjenner tilfeller: 2	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	4	Oljesøl kan førekome. Driftsplan og avbøtane tiltak handerer eventuelle utslepp internt i steintaket.

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

Lagring og transport av farleg gods	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Transport av ammunisjon og ammunisjonslager er sikra jf. krav. Drift er etter godkjende ordningar.
Elektromagnetiske felt frå kraftleidningar	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Ubetydeleg: 1	1	Høgspenline som går gjennom område kryssar veg men er elles ikkje i konflikt med tiltaket.
Biologisk mangfald	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Med basis i at steinbrotet allereie er eit steintak i drift og det meste av det utvida tiltaksområdet er tilplanta med granplantefelt vil tiltaksområdet som planlagd ha ein liten negativ konsekvens på natur og artsmangfald.
Kulturminne	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Betydeleg/kritisk: 3	3	Det er ikkje registrert kulturminne i området. Om ein ved utgraving finn kulturminne må arbeid stoppast og Fylkeskonservator kontaktast.
Automatisk freda kulturminne	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Alvorleg/farleg: 4	4	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området. Om ein ved utgraving finn automatisk freda kulturminne må arbeid stoppast og Fylkeskonservator kontaktast.
Verna bygningar, anlegg og/eller område	Nei	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Ubetydeleg: 1	1	Utan ei gadssag, eit amunisjonslager og eit skur, er det ingen bygningar på området.
Skade på vassdrag eller strandsoner	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Det er ikkje indikasjonar på forureiningar eller negative påverknader av menneskelig aktivitet. (Laupsaelvi har god til svært god (nær naturtilstand). Krav til drift sikrar at det ikkje vert avrenning til Laupsaelva.
Støy	Nei	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Undersøkingar viser at drifta i steintaket ikkje genererer støy til områder som er støysensitive.

5.3 Etter utbygging i planområde er det fare med omsyn til:

Hending/situasjon	Aktuelt	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Flaum og eller springflod	Nei	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Ikkje flaumutsett område. Springflod vil heller ikkje påverke slåttemark.
Ras/skred (stein, jord, leire, snø)	Nei	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	I steinbrotet må ein til ei kvar tid sikre mot skred/ras. Uttak av massar føreset driftsplan godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning (bergvesenet). Tryggleik i drift vert ivareteke i denne (HMS). I området står eit ammunisjonslager og ei sag. Saga er ei gardssag som vert nytta nokre dagar i året. Bygga som står i området er å sjå på som bygg i sikkerheitsklasse S1.
Skrentar og stup	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Skrentar og skjeringar vil verta sikra i samsvar med krava i driftsplan.
Radon	Nei			1	Oversiktgranskinga gjort i Kvam herad av Statens strålevern konkluderer som følgjer: «Områdene rundt Øystese, Norheimsund og Tørvikbygd har lav sannsynlighet for forhøyde radonkonsentrasjoner (grønne områder)». Viser til strålevern rapport RaMAP 2003:9 www.nrpa.no/dav/371e0917c6.pdf For steinuttaket har det ikkje betydning.
Forureina grunn	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Det er ikkje indikasjonar på forureiningar eller negative påverknader av menneskelig aktivitet. (Laupsaelvi har god til svært god (nær naturtilstand). Krav til grøft, fellingsdammar og buffersone vil sikre at det ikkje vert avrenning til landskap utafor.
Vind	Nei	Mindre sannsynleg/ kjenner tilfeller: 2	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Ikkje vindutsett område.
Industri/verksemder med fare for brann/eksplosjon	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Ammunisjonslager er sikra jf. krav. Drift er etter godkjende ordningar.

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

Industri/verksemder med fare for utslipp av kjemikalikum eller anna forureining	Ja	Mindre sannsynleg/ kjenner tilfeller: 2	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	4	Oljesøk kan førekome. Driftsplan og avbøtane tiltak handerer eventuelle utslipp internt i steintaket.
Lagring og transport av farleg gods	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Ammunisjonslager er sikra jf. krav. Drift er etter godkjende ordningar.
Elektromagnetiske felt frå kraftleidningar	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Ubetydeleg: 1	1	Høgspenline som går gjennom område kryssar veg men er elles ikkje i konflikt med tiltaket.
Biologisk mangfald	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Med basis i at steinbrotet allereie er eit steintak i drift og det meste av det utvida tiltaksområdet er tilplanta med granplantefelt vil tiltaksområdet som planlagd ha ein liten negativ konsekvens på natur og artsmangfald.
Kulturminne	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Betydeleg/kritisk: 3	3	Det er ikkje registrert kulturminne i området. Om ein ved drift finn kulturminne må arbeid stoppast og Fylkeskonservator kontaktast.
Automatisk freda kulturminne	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Alvorleg/farleg: 4	4	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området. Om ein ved drift finn automatisk freda kulturminne må arbeid stoppast og Fylkeskonservator kontaktast.
Verna bygningar, anlegg og/eller område	Nei	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Ubetydeleg: 1	1	Utan ei gadssag, eit amunisjonslager og eit skur, er det ingen bygningar på området.
Skade på vassdrag eller strandsone	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Det er ikkje indikasjonar på forureiningar eller negative påverknader av menneskelig aktivitet. (Laupsaelvi har god til svært god (nær naturtilstand). Krav til grøft, fellingsdammar og buffersone vil sikre at det ikkje vert avrenning til Laupsaelva.
Støy	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Undersøkingar viser at drifta i steintaket ikkje genererer støy til områder som er støysensitive.
Spesielle hendingar i samband med gjennom-føring av planlagde tiltak	Nei	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle: 1	Mindre alvorleg/ ein viss fare: 2	2	Ingen kjende

5.4 Forklaring til risiko- og sårbarheitsanalyse:

Raud indikerer uakseptabel risiko. Tiltak må setjast i verk for å redusere denne til gul eller grøn. Gult indikerer risiko som bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risikoen. Grøn indikerer akseptabel risiko.

Konsekvens: Sannsynlegheit:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg/ ein viss fare	3. Betydeleg/kritisk	4 Alvorleg/farleg	5. Svært alvorleg/ katastrofalt
5. Svært sannsynleg/ kontinuerleg	5	10	15	20	25
4. Mykje sannsynleg/ periodevis, lengre varigheit	4	8	12	16	20
3. Sannsynleg/fleire enkeltilfelle	3	6	9	12	15
2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfelle	2	4	6	8	10
1. Lite sannsynleg/ ingen tilfelle	1	2	3	4	5

Hendingar i raude felt: Tiltak nødvendig, i utgangspunktet ikkje akseptabelt.

Hendingar i gule felt: Tiltak må vurderast.

Hendingar i grønne felt: Ikkje signifikant risiko, men risikoreduserande tiltak kan vurderast.

Tiltak som reduserer sannsynlegheit skal vurderast først. Om dette ikkje gjev effekt eller er mogleg, vert tiltak som avgrensar konsekvensane vurdert.

6 KONSEKVENSGREIING (KU)

Utvidinga av masseuttaket er ikkje i tråd med LNF-formålet i kommuneplanen, og Kvam herad har vedteke at det skal gjerast ei konsekvensutgreiing (KU), jf. pbl. § 4-2 og vedtak i NPB 129/12. Tiltaket er vurdert etter forskrift om konsekvensutgreiing § 4 og ein meiner utvidinga får vesentlege verknader for miljø og samfunn. KU er utarbeida etter kriteria i § 4 i forskrift om konsekvensutgreiingar. Følgjande kriterium er utgreia:

Verdi /ingen verdi	Omfang			
	Liten	Middels	Stor	
Stort positivt	[Yellow]	[Orange]	[Red]	Meget stor positiv konsekvens (++++)
				Stor positiv konsekvens (++++)
Middels positivt	[Yellow]	[Orange]	[Red]	Middels positiv konsekvens (++)
				Liten positiv konsekvens (+)
Lite positivt Intet omfang Lite negativt	[Yellow]	[Orange]	[Red]	Ubetydelig (0)
				Liten negativ konsekvens (-)
Middels negativt	[Yellow]	[Orange]	[Red]	Middels negativ konsekvens (- -)
				Stor negativ konsekvens (- - -)
Stort negativt	[Yellow]	[Orange]	[Red]	Meget stor negativ konsekvens (- - - -)

- a) Landskap/estetikk:
 - 2306 Haukeli rapport 2013-03, KU for tema landskap/estetikk Geoplan AS, nov. 2013;
- b) Naturområde/biologisk mangfold:
 - NNI rapport 345, Haukeli Steinuttak, KU for tema natur og biomangfold.
- c) Friluftsjnteresser:
 - 2306 Haukeli, rapport 2013-02 i, KU friluftsjnteresser, Geoplan AS, okt. 2013
- f) Omdisponering LNF:
 - Konsekvensar for Landbruk, Norsk Landbruksrådgivning, Hordaland
- g) Støy/forureining/trafikk:
 - RIAKU01, Støy frå steinuttak i Øystese, Sweco AS
 - NNI rapport 346, Utvidet steimbrudd ved Haukeli, Vurdering av potensialet for avrenning og forureining til vannmiljøet.
 - 2306 Haukeli, rapport 2013-01, KU trafikk, Geoplan AS, nov. 2013

Fig. nr. 08: Samanheng mellom verdi, omfang og grad av konsekvens, jf. Statens vegvesen (2006).

I konsekvensutgreiinga er to moglege alternativ vurdert:

- 0 - alternativet der ein legg ned etter over hundre års drift i steintaket på Haukeli
- 1 - alternativet der ein utvidar område for steintak og aukar uttak av stein frå 2000 m³ til 4000 m³ / 6000 m³ i året.

Konsekvensane knytt til dei to alternativ er vurdert ut frå verdi og omfang. Nivået er altså basert på korleis og i kor stor grad tiltaket vil påverke verdiar påvist i området. Tabell/konsekvensvifte er vist i figur nr. 08 er nytta.

Konklusjonane i KU rapportar er samanfatta under.


6.1 Landskap/estetikk

KU landskap/estetikk, rapport 2013-03 er utarbeida av Geoplan AS. Konsekvensutgreiinga er ei estetisk landskapsvurdering på grunnlag av synfaringar, innhenta dokumentasjon og digital 3d-modell av området og grenda. Dei andre KU rapportane som ligg som grunnlag for samla KU vurdering har og vore grunnlaget for vurderingar gjort i KU landskap/estetikk. Konklusjon i KU landsap/estetikk er som følgjer:

6.1.1 Konsekvens ved vidare og utvida drift og steintaket i Haukeli (landskap/estetikk)


Vurdert ut frå verdien av landskapstypene i området, fjernverknad og horisont, er dette eit eigna område å plassere steintaket på. Steintaket ligg godt skjema i eit åslandskap med tett skog, usynleg frå Hardangerfjorden, Fykkesund landskapspark og Øystese. Ved å vere nøye med drivretning og revegetering, vil ein og kunna skjerme lokalbefolkninga på Soldal og «gøyme» steintaket frå friluftslivet i området og turistane som besøker Gullfiskvatnet (Skorsvatnet). Plassering av steintak er altså gunstig med tanke på å skjule brotet for omgjevnadane i den tid det er drift.

Tiltak vil ikkje endre karakteren til åslandskapet, når området er ferdig revegetert. Den geologiske førekomsten som steinbrotet i Haukeli representerer er av stor eigenverdi med mogleg kommersiell utnytting, sikring av lokal og kortreist stein, bevaring av matjord, plass for overskytande reine massar og sikting av arbeidsplassar. Steinen vert brukt til mange tiltak lokalt og regionalt som har høg estetisk verdi. Om ein følgjer tilrådd uttaksrekkefølge, drivretning og revegeterer i tråd med tilrådde avbøtande tiltak, er konsekvens av forlenga og auka drift i steintaket sett til liten til middels positiv for landskap og estetikk.



6.1.2 Nedlegging av drifta i Haukeli - 0 alternativet (landskap/estetikk):

Om ein avviklar drifta i steintaket vil «såret» i landskapet dekkast til og lokale artar (planter og dyr) kan etablere seg i steintaket. For fjordlandskapet er det ubetydelig då Haukelihovden ikkje er ein del av dette landskapsrommet. For åslandskapet og det lokale landskapsrommet vil det til tross for revegetering stå att hyller i landskapet då bare del av hovden er teke bort. 0 - alternativet vil vere av liten negativ til ubetydeleg konsekvens for landskap og estetikk.



6.1.3 Avbøtande tiltak:

Buffersoner

I randsonene av planområdet og langs turvegane skal det etablerast buffersone der ein tek i vare skog for å sikre minst mogleg innsyn i steintaket. Skogen vil hindre direkte innsikt i taket for turgåarar og hindre omliggande bustader å sjå aktiviteten i dei lågaste delane av steintaket.

Uttaksrekkefølge og drivretning

Bustadane i nord har innsikt i brotet. For å bøte på dette bør vidare drift gå inn i Haukelihovden frå aust mot sydvest. Det må stå att fjell i nord og vest for å skjerme busetnad i nord og friluftsliv ved Skorsvatnet frå innsyn i brotet. Ei slik skjerming vil og skjerme busetnaden og friluftslivet for mekanisk lyd frå arbeid i brotet og det vil verta lettare for drivar av steintaket å sikre området ved sprenging.

Revegetering

Konklusjonen over føreset at ein tek ut stein etappevis og fyller tilbake skrotstein og reine massar for å få i gang revegetering av området. I fase 1 område for uttak er det er glimmerskifer i topplaget over steinførekomst som er aktuell å ta ut. Det vil vere behov for å plassere desse massane inne i brotet. Det er tilrådeleg at ein startar med å fyller tilbake massar og revegetere i område mot nordaust i dagens steintak. Dette vil bøte på innsynet i steintaket (skjering) som er synleg for bustdane (på Kampen og ved Årbø) i dag. Viser til visualisering av avbøtande tiltak i KU landskap/estetikk, rapport 2013-03.


6.2 Naturområde/biologisk mangfald

I dei områda som ikkje er nytta til uttak i dag, er det skog. Norsk Naturinformasjon AS (NNI) har kartlagt naturmangfaldet i området og sett på konsekvensane ved utviding av steinbrotet i NNI rapport 345 – Konsekvensutgreiing for tema natur og biomangfald.

6.2.1 Belastning på naturmiljøet i skoglandskapet ved Haukeli

Bortsett frå funn av fleire gamle eiketre i randsona til anlegget (utafor planområdet) er det meste av planområdet og framtidig steinbrot prega av tette granplantefelt med liten naturfagleg verdi. Samla har området lokal, liten verdi i naturfaglig samanheng. Inngrep er ikkje så stort at det i skogsnaturen kan føre til uheldige verknader (fragmentering og barriereverknader) for ulike organismar (pattedyr). Den samla belastning på naturmiljøet i skoglandskapet ved Haukeli, vert vurdert til å auke negativt i liten grad då det ikkje er kjent andre aktivitetar/inngrep enn det som kan forventast for lokal skogbruksdrift.


Konsekvens tema samla belastning på naturmiljøet i skoglandskapet ved Haukeli naturområde/biologisk mangfald ved utviding av steintak



6.2.2 Belastning på natur- og arts mangfald innafor planområdet på Haukeli.

Omfanget av tiltaket er middels stort. Men med basis i at området allereie har eit steinbrot i drift og det aller meste av det utvida tiltaksområdet er tilplanta med granplantefelt, vurderer NNI at utviding av tiltaksområdet som planlagt kunn vil ha ein liten negativ konsekvens på natur- og arts mangfald. Eiketre utafor planområde bør sikrast.


Konsekvens tema samla belastning på natur- og arts mangfald i planområdet utviding av steintak



6.2.3 Avbøtande tiltak:

Ved avslutta steinuttak ein gong i framtida bør området tilbakeførast til skogsett areal som etter kvart kan inngå som ein del av eit større skoglandskap. Ei tidleg tilbakeføring (0-alternativet) er sett til liten positiv konsekvens.

Konsekvens tema samla belastning på natur- og arts mangfald i planområdet utviding av steintak




6.3 Friluftsjnteresser

KU friluftsliv, rapport 2013-2 er utarbeida av Geoplan AS. I KU er bruken av området undersøkt og kva innverknad ei utviding eller ei nedlegging av steintaket vil ha for friluftslivet både innafor planområdet og i influensområdet utafor. Konklusjon i KU friluftsliv er som følger:


6.3.1 Vidare drift og utviding av steintaket (konsekvens for friluftslivet)

Nokre av friluftsjaktivitetane som vert utøvd i området pågår på same tid som det er drift i steintaket. Ei utvida drift vil gje fleire dagar med eit lydbilete som er prega av duren frå steintaket (ikkje støy). For desse aktivitetane er konsekvensen liten men negativ. Langt fleire av friluftsjaktivitetane i området pågår på kveldstid på kvardagar og i helger. For desse er ei utvida drift ubetydeleg. Samla sett er konsekvens av vidare drift og auka drift i steintaket sett til liten negativ til ubetydeleg for friluftslivet i området.



6.3.2 Nedlegging av drift (0 alternativet):

Om ein avviklar drifta i steintaket vil omfang av mekanisk lyd gå ned. Såret som steinbrotet utgjer vil verta dekkja til og lokale artar (planter og dyr) kan etablere seg i steintaket. For friluftslivet vil dette vere av liten positiv til ubetydeleg konsekvens.



6.3.3 Avbøtande tiltak for friluftslivet

Turveg gjennom steintaket

Konklusjonane over føreset at ein legg til rette for at ein ved utvida drift i steintaket, framleis kan gå trygt på vegar som går gjennom steintaket og at desse knyt seg på traktorvegar og stiar som før. Det må lagast buffersoner langs stiane med høg vegetasjon, slik at ein reduserer innsyn i steintaket.

Driftstider

Konklusjonen over er svært avhengig av at det ikkje vert drift etter vanleg arbeidstid og i helger. Reguleringsplanen bør få føresegnar som regulerer drifta tidsmessig.


6.4 Omdisponering av LNF

Det er skog og nokre traktorveggar i delar av reguleringsområdet. Norsk Landbruksrådgiving Hordaland utførte på oppdrag av Geoplan AS ei vurdering av konsekvensane for landbruket. Vurderinga vart gjort på grunnlag av synfaring og kunnskap om området og landbruksdrifta i nærleiken. I 2007 utførte dei ei kartlegging av området nord for vegen i planområdet med tanke på nydyrking. Konklusjonen i rapporten var at det var ulønsamt å dyrke området. Planområdet vert i dag ikkje nytta til landbruk eller beite, og det er ikkje jordbruksareal som grensar til planområdet.

6.4.1 Konsekvens av omdisponering av LNF til steintak.

Konklusjonen i vurderinga er at det skisserte masseuttaket korkje vil ha negative eller positive konsekvensar for landbruket, og heller ikkje føre til ulemper for landbruksdrifta i nærleiken. Ei opprusting av vegen kan vere ei føremon for skogsdrifta og ev. transport i samband med landbruksdrift. Planområdet har liten verdi med tanke på nydyrking for framtidig landbruksdrift.

Konsekvens for utviding av steintaket i Haukeli som skissert, vil vere utan betydning for landbruket.



6.5 Støy

6.5.1 Støyrapport

Sweco Norge utførte på oppdrag av GBS ei støyvurdering av steinuttaket. Viser til 99093001_RIAKU_Støy fra steinuttak i Øystese. Vurderinga er basert på tilsendte kartdata og driftsopplysningar. Ein har rekna ca. 50 driftsdagar boring, 5-7 timar pr. dag, arbeidstid 7-19, med helgestans frå fredag kl. 16 til måndag kl. 7. Maskinparken er hjullastar, gravemaskin og borerigg. Skrotstein vert ikkje knust, men brukt som fyllmasse.

Sweco har lagt til grunn erfaringstal frå andre norske prosjekt, og gjort det dei omtaler som konservative val, dvs. at støyen ikkje skal undervurderast. Vidare baserer vurderinga seg på ulike rettleiarar, forskrifter og standardar.

Utrekna støy er berre vurdert for boring, då støyen frå opplasting og kjøring er vurdert som underordna. Det er heller ikkje vanleg å vurdere støy frå sprenging i saker som gjeld ikkje-militær støy. Konklusjonen er at ingen bustader overskrir støygrensa $L_{den} = 55$ dB på støyande driftsdagar.





Fig. nr. 09: Støykoter ved boring. jf. støyrapport for Sweco.

«Støykote for $L_{den} = 55$ dB (ytterkant gul støysone, jfr. Kap 3 støygrenser) i 4m høyde over terreng ved boring. Dette er en omhyllingskurve som viser støynivå for de mest støyutsatte plasseringene av boreriggen innenfor uttaksområde (blått område). Området i sør er skog, utan naboar. Ytterkant raud støysone er ikkje vist, men går like utenfor den blå visningen av uttaksområde.»

6.5.2 Konsekvensen av støy ved utvida drift av steintaket i Haukeli.

I Soldal og Skåre grendene er det gardsbruk og bustader. Skårsvatnet (Gullfiskvatnet) er mykje besøkt turruststad om sommaren og brukt til skøyteis om vinteren. Om det er støy i områder med bustadar eller ved turistplassen ved Skårsvatnet vil dette ha stor negativ konsekvens. Støykoten $L_{den} = 55$ dB ligg 450 meter frå næraste våningshus på Vetlemyrane og 490 meter frå Bustaden på Årbø og 900 – 1000 meter frå staden ved Skorsvatnet der ein matar Gullvederbuk (gullfiskane). Støy frå steintaket er såleis å rekne som utan betydning for bustader i omliggande områder og ved Skårsvatnet.



6.5.3 Avbøtande tiltak

Sjølv om Sweco rapporten viser at ingen bustader eller turistattraksjonen ved Skorsvatnet ligg innanfor støysonene, har det våre aktuelt å sjå på måtar å skjerme omgjevnadane frå mekanisk dur som kjem frå steintaket ved graving og boring. Tidsavgrensing på drift, vegetasjonsbuffer, uttaksrekkefølge med skjerming, og drivretningar bør innførast for å minimalisere mekanisk lyd og dur frå steintaket i drift.

6.6 Forureining

NNI rapport 346 - Vurdering av potensialet for avrenning og forureiningar til vannmiljøet.

6.6.1 Miljøtilstanden til Laupsaelva:

Laupsaelva framstår som ei ordinær og vanleg elv men fauna og faunasamansetning som er vanleg 1 – 3 ordens elv med fauna og faunasamansetning som vanleg for regionen. Det er ingen indikatorar på forureining eller negative påverknader av menneskelig aktivitet. Elva er mindre forureina enn mange andre elver i regionen og miljøtilstanden er god til svært god (nær naturtilstand). Miljøforholda i elveøkologien er lik oppstraums og nedstraums det omsøkte tiltaksområdet (steinbrotet). Det kan difor konkluderast med at det gjeldande steinbrotet pr. i dag ikkje har påverka miljøforholda i elva negativt, samt at grunnlaget for måling av eventuelle endringar i framtida, jf. drøfting av konsekvensar.

6.6.2 Konsekvensar av utvida massetak:

Det er fastslått at Laupsaelva på i dag har ein god miljøstatus med alminnelig rikt akvarisk dyreliv. Det er difor ikkje indikasjonar om negativ påverknad frå dagen drift. Ut frå planlagde tiltak, med uttak av steinmassar 2 – 3 gonger større enn i dag, vurderer me risiko som låg for at framtidig auka aktivitet skal gje negative konsekvensar for dette vassdraget generelt og elveavsnittet i Laupsaelvi spesielt. Ingen til liten negativ konsekvens, føresett gjennomføring av avbøtande tiltak.



6.6.3 0 alternativet

Null-alternativet inneber at dagens natur- og miljøtilstand i området og nærliggjande vassførekomstar vert som i dag, og elles over tid kun vert modifisert av meir storskala endringar i lokal arealbruk (for eksempel skogbruk), natur og klimaforhold.

6.6.4 Avbøtande tiltak:

Auka uttak av steinmassar kan kunna påverke nærliggjande vassmassar negativt, dvs. påverke naturmangfaldet på ein ikkje ønskeleg måte. Dette kan skje via avrenning gjennom små vassførekomstar (vassig) og fleire av bekkane som renn ned mot Laupsaelva. Sjølv om elver med god resipientkapasitet vil NNI tilrå enkle, men effektive avbøtande tiltak som reduserer risiko for uønska, negativ påverknad:

- Buffersone mot aust
- Etablering av grøfter som leier avrenning bort frå delfetet (mot aust)
- Etablering av fellingsdammar som fangar opp og bunnfell partiklar og delar av nitrogenforbindinga.


6.7 Trafikk

KU trafikk, rapport 2013-01 er utarbeida av Geoplan AS. I KU trafikk er konsekvens av trafikkauke ved utvida drift skal utgreidd. Utgreiinga tek opp tema som trafikktryggleik og tilgjenge, belastning, utslepp og toleevne m.m.. Konklusjon i KU trafikk er som følgjer:

6.7.1 Vidare drift og utviding av steintaket (konsekvens for trafikk)


Fylkesveg 131 er smal og svingete og bratt i somme parti. Veggen vert nytta av folk som bur i Soldal og Skåre grendene, av turgåarar, av turistar ved Skorsvatnet og i samband med lokal gardsdrift og Steinuttak i Haukli. Veggen har ÅDT på 250 i gjeldande område. Veggen går frå Porsmyr ved Fyksesund, over Myrane, Skårdalen, ned til Øystese sentrum, forbi barneskulen og endar i rundkøyninga ved Fv. 7. I sentrumsdelen er det dobbelsidig fortau, avløyst av einssidig gang- og sykkelveg. Det er prioritert vidare utbygging av gang- og sykkelveg i trafikksiktingsplanen. 21 ligg langs den delen av Fv. 131 som verken har trafikk sikring eller planar om slik.

Det er etter Vegvesenet sine normalar i handbok 017 ikkje krav til gang- og sykkelveg då ÅDT er under 1000. Maks trafikkauke ved maksimal drift i Haukeli vil utgjere in ÅDT på 10. ÅDT vil såleis auke frå 250 til maks 260. Arbeidstider i steintaket tilseier at skuleborn langs nedre del av Skårdalsvegen sannsynleg vil treffe på få av desse køyretøya. Auken i trafikk og tunge køyretøy som konsekvens av auka uttak i Haukeli er vurdert til å ha ubetydeleg til liten negativ konsekvens for trafikk.



6.7.2 Nedlegging av drift i steintaket - 0 alternativet:

Tapet av tilgang på lokal stein, plass til oppbevaring av reine massar og matjord er av middels negativ verdi. Tap av lokale arbeidspassar har stor betydning for samfunnet, mens trafikknedgangen ved nedlegging er av lite positivt omfang. Konklusjonen er at ei nedlegging vil ha middels negativt til negativ konsekvens.



6.7.2 Avbøtande tiltak

Ny tilkomst til steintaket

Alternativ tilkomst frå Vetlemyrane til Haukeli er vurdert. Ein har sett på om det er mogleg å unngå å køyre ned Botnabrekka før ein skal opp att til steintaket i Haukeli. Ny vegtrasse startar ut på kote 142,5 går i skjering gjennom ås på 164 moh og endar i eksisterande veg inn i steintaket på kote 125. Vegen har ein brattheitsgrad på 1/10 og vil delvis gå parallelt med eksisterande fylkesveg. Vegen vert nesten dobbel lengde av det den er i dag og går over to grunneigedomar som no ikkje er råka. Vegen og skjering vert godt synleg i terrenget og kryssar bekk frå Vetlemyrane. For å unngå å gå ned til kote 125 kunne ein leggje vegen langs den bratte nordvestsida av Haukelihovden og kome inn på eksisterande veg inne med sprengstofflageret på kote 137. Vegen ville då måtta skytast inn i fjellsida heile vegen eller gå på høg mur. Etter vår vurdering vil ein ny veg vere eit skjemmande inngrep som vil verte meir synleg enn dagens tilkomstveg. Miljøkostnaden med bygginga av ein ny veg vil vere større enn om ein beheld dagens tilkomstveg. Tilhøve i avkøyringa vert ikkje betre enn det det er med gjeldande plassering. Ny vegtrase vil ikkje auke trafikksikkerheita i særleg grad. Kostnad med omlegging av veg vert store. Totalkostandene vert større enn nytten.

Avkøyring

Eksisterand avkøyring frå Fv. 131, Porsmyrvegen bør utbetrast. Avkøyringa bør stå 90° på Fv. 131. Siktkrav er sett til 6 meter X 100 meter. Utforming av avkøyringa bør vere i tråd med kapittel C. 3. 4. Avkjørsler i Handbok 017 Statens vegevesen sin rettleiar, Veg og gateutforming.

6.8 Verknader for miljø og samfunn

Når ein skal samanfatte konsekvensane kan ein ikkje sjå bort frå dei verdiane steinen og drifta i steintaket genererer for miljø og samfunn lokalt og i regionen.

Utnytting av steinressursen

Den geologiske førekomsten som steinbrotet i Haukeli representerer er av stor eigenverdi med mogleg kommersiell utnytting, sikring av lokal og kortreist stein. Om ein ønskjer natursteinsmurar med lokal stein i Kvam, må ein finne ein stad å hente denne steinen i frå. Plassering av steintak er gunstig med tanke på å skjule brotet for omgjevnadane.

Arbeidsplassar og næringsutvikling

Steintaket har vore i drift lenge. Kvam/ Hardanger er kjend for å ha flinke fagfolk innan natursteinsarbeid og GBS ynskjer å vidareføre handverket med eigenprodusert stein. Prosjektet vil gje fleire arbeidsplasser, 2 – 4 årsverk innan kort tid, med gode moglegheiter for vekst. Dette er av stor verdi for GBS og synergieffekt for næringsutvikling lokalt.


Ivaretaking av matjord

I eit lokalt nasjonalt og globalt perspektiv er matjord ein avgrensa resurs. All matjord tilgjengelig må sikrast i kommunen. Dette kan gjerast med eit sterkt jordvern, men det vil likevel vere svinn på matjord i utbygging store og små tiltak. Det er viktig at Kvam herad legg til rette for at entreprenørane som opererer lokalt får mellombels lagringsplass til matjord (og andre reine massar) til ein finn gode plassar å nytte denne på. Det er ønskelig og miljøriktig og samfunnsnyttig å ein etablere ein slik lagringsplass i steinbrotet.

Tiltak med samfunnsnytte

Steinen vert brukt til mange tiltak lokalt og regionalt som har landskaps og estetisk verdi så vel som verdi for friluftslivet, identitet og bulyst. Steinen er unik med sine spesielle kvalitetar som gjer den spesielt eigna til muring i sjø. Den er blant anna brukt til å byggje strandveg i Norheimsund og i Øystese og tilfører stor verdi i dei områda den vert brukt. Bruk av stein rundt den mest vitja turistattraksjonen ved steinsdalsfossen er eit anna eksempel på at stein frå Haukeli er eit ledd i næringsutvikling i Kvam.

Om ein følgjer tilrådd tilrådde avbøtande tiltak, er konsekvens av å forlenga og auka drift i steintaket samla sett av stor positiv konsekvens for miljø og samfunn. Om ein ikkje utnytter denne ressursen (0-alternativet) vil ein få stor negativ konsekvens for miljø og samfunn



Oppsummering av konsekvensar

Utgreiingstem a	Tiltakets omfang, verdiar i berørte område	
	Nedlegging av drift etter 2014 - 0 alternativet	Forlenga og utvida drift
Landskap/ estetikk	Om ein avviklar drifta i steintaket vil «såret» i landskapet dekkast til og lokale artar (planter og dyr) kan etablere seg i steintaket. For fjordlandskapet er det ubetydelig då Haukelihovden ikkje er ein del av dette landskapsrommet. For åslandskapet og det lokale landskapsrommet vil det til tross for revegetering stå att hyller i landskapet då bare del av hovden er teke bort. 0 - alternativet vil vere av liten negativ til ubetydeleg konsekvens for landskap og estetikk.	Plassering av steintak er gunstig med tanke på å skjule brotet for omgjevnadane i den tid det er drift. Tiltak vil i liten grad endre karakteren til åslandskapet, når området er ferdig revegetert. Den geologiske førekomsten som steinbrotet i Haukeli representerer er av stor eigenverdi med mogleg kommersiell utnytting, sikring av lokal og kortreist stein, bevaring av matjord, plass for overskytande reine massar og sikting av arbeidsplassar. Steinen vert brukt til mange tiltak lokalt og regionalt som har høg estetisk verdi. Om ein følgjer tilrådd uttaksrekkefølge, drivretning og revegeterer i tråd med tilrådde avbøtande tiltak, er konsekvens av forlenga og auka drift i steintaket sett til liten til middels positiv for landskap og estetikk.
	UBETYDLEG – LITE NEGATIV	LITE POSITIV - MIDDELS POSITIV
Naturområde/ biologisk mangfald	Ved avslutta steinuttak bør området tilbakeførast til skogsett areal som etter kvart kan inngå som ein del av eit større skoglandskap. Ei tidleg tilbakeføring er sett til liten positiv konsekvens.	Det meste av planområdet og framtidig steinbrot prega av tette granplantefelt med liten naturfagleg verdi. Samla har området lokal, liten verdi i naturfaglig samanheng. Inngrep er ikkje så stort at det i skogsnaturen kan føre til uheldige verknader (fragmentering og barriereverknader) for ulike organismar (pattedyr). Den samla belastning på naturmiljøet i skoglandskapet ved Haukeli, vert vurdert til å auke negativt i liten grad då det ikkje er kjent andre aktivitetar/inngrep enn det som kan forventast for lokal skogbruksdrift. Omfanget av tiltaket er middels stort. Men med basis i at området allereie har eit steinbrot i drift og det aller meste av det utvida tiltaksområdet er tilplanta med granplantefelt, vurderer NNI at utviding av tiltaksområdet som planlagd kunn vil ha ein liten negativ konsekvens på natur- og arts mangfald.
	LITEN POSITIV	LITEN NEGATIV
Friluft- interesser	Om ein avviklar drifta i steintaket vil omfang av mekanisk lyd gå ned. Såret som steinbrotet utgjør vil verta dekkast til og lokale artar (planter og dyr) kan etablere seg i steintaket. For friluftslivet vil dette vere av liten positiv til ubetydeleg konsekvens.	Nokre av friluftaktivitetane som vert utøvd i området pågår på same tid som det er drift i steintaket. Ei utvida drift vil gje fleire dagar med eit lydbilete som er prega av duren frå steintaket (ikkje støy). For desse aktivitetane er konsekvensen liten men negativ. Langt fleire av friluftaktivitetane i området pågår på kveldstid på kvardagar og i helger. For desse er ei utvida drift ubetydeleg. Samla sett er konsekvens av vidare drift og auka drift i steintaket sett til liten negativ til ubetydeleg for friluftslivet i området.
	LITEN POSITIV - UBETYDELEG	LITEN NEGATIV - UBETYDELEG

PLANOMTALE

Reguleringsplan for masseuttak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl., Haukeli, Øystese, Kvam herad.

Om-disponering LNF (landbruk)	Konklusjonen i vurderinga er at det skisserte masseuttaket korkje vil ha negative eller positive konsekvensar for landbruket	Konklusjonen i vurderinga er at det skisserte masseuttaket korkje vil ha negative eller positive konsekvensar for landbruket, og heller ikkje føre til ulemper for landbruksdrifta i nærleiken. Ei opprusting av vegen kan vere ei føremøn for skogsdrifta og ev. transport i samband med landbruksdrift. Planområdet har liten verdi med tanke på nydyrking for framtidig landbruksdrift.
	UBETYDELEG	UBETYDELEG
Støy	Når drifta er ubetydeleg for støy vil det og være ubetydeleg konsekvens ved ei avvikling av drifta.	Støy frå steintaket er å rekne som utan betydning for omliggande busetnad og for turistområdet ved Skårsvatnet. Vegetasjonsbuffer, utaksrekkefølge med skjerming og krav til drivretning er alle avbøtande tiltak på den mekaniske duren som kjem frå drifta i steintaket. Ei tidsavgrensing på ettemiddag og helgedrift vil og gje lange periodar utan drift som er av stor positiv verdi for bebuarar i området.
	UBETYDELEG	UBETYDELEG
Forureining	Null-alternativet inneber at dagens natur- og miljøtilstand i området og nærliggjande vassførekomstar vert som i dag, og elles over tid kun vert modifisert av meir storskala endringar i lokal arealbruk (for eksempel skogbruk), natur og klimaforhold.	Det er fastslått at Laupsaelva på i dag har ein god miljøstatus med alminnelig rikt akvarisk dyreliv. Det er difor ikkje indikasjonar om negativ påverknad frå dagen drift. Ut frå planlagde tiltak, med uttak av steinmassar 2 – 3 gonger større enn i dag, vurderer me risiko som låg for at framtidig auka aktivitet skal gje negative konsekvensar for dette vassdraget generelt og elveavsnittet i Laupsaelvi spesielt. Ingen til liten negativ konsekvens, føresett gjennomføring av avbøtande tiltak.
	LITEN POSITIV - UBETYDELEG	LITEN NEGATIV - UBETYDELEG
Trafikk	Tapet av tilgang på lokal stein, plass til oppbevaring av reine massar og matjord er av middels negativ verdi. Tap av lokale arbeidspassar har stor betydning for samfunnet, mens trafikknedgangen ved nedlegging er av lite positivt omfang. Konklusjonen er at ei nedlegging vil ha middels negativt til negativ konsekvens	Auken i trafikk og tunge køyretøy som konsekvens av auka uttak i Haukeli er vurdert til å ha ubetydeleg til liten negativ konsekvens for trafikk.
	MIDDELS NEGATIV - LITEN NEGATIV	LITEN NEGATIV - UBETYDELEG
Miljø og samfunn	Nedlegging av drifta i Steintaket vil bety tap av lokale arbeidsplassar, tap av stein til gode samfunnsnyttige prosjekt utan at ein vinn stor effekt når det gjeld lokalt landskap, estetikk, naturområde, biologisk mangfald, friluftsiinteressar, landbruk, støy, forureining eller trafikk. Samla konsekvens for 0 alternativet er såleis sett til stort negativt - middels negativt.	Ei utviding og forlenging av drifta vil bety styrking av lokal næring, sikring av arbeidsplassar, tilgang til lokal kortreist stein til samfunnsnyttige og estetiske prosjekt. Utviding av drifta vil ikkje påføre det lokale influensområde store negative konsekvensar for noko av dei tema som er utgreia, føresett at ein sikrar gjennomføring av avbøtande tiltak.
	STORT NEGATIVT	STORT POSITIVT
SAMLA KONSEKVENNS	STORT NEGATIVT - MIDDELS NEGATIV	STORT POSITIVT - MIDDELS POSITIVT